



FAGDELEN

BUDSJETT 2022

OG

ØKONOMIPLAN

FOR

2022 TIL 2025

# **Innhold**

1.Lovtekst.....	3
2. Budsjett rundskriv .....	5
2.1 Budsjettrundskriv 1-2022:.....	5
2.2 Budsjettrundskriv 2-2022:.....	7
3. Nærmore oversikt frå rammeområda.....	9
3.1 Rådmann inkl. politisk styring .....	9
3.1.1 Askvoll sokn.....	16
3.2 Oppvekstetaten .....	22
3.3 NAV .....	37
3.4 Barnevern .....	39
3.5 Helse og omsorg.....	40
3.6 Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad .....	58
3.7 Teknisk drift .....	61
3.7.1 Sjølvkost VA .....	63
3.8 Brann og feiing.....	64
3.9 Bygg og eigedomsavdelinga .....	65
3.10 Driftssentralen .....	70

## **1.Lovtekst**

Lovgrunnlaget for kommunens budsjett og økonomiplanarbeid finn vi i ny kommunelova kap 14, gjeldande fra 01.01.2020:

### **§ 14-2.Kommunestyrets og fylkestingets plikter**

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet
- b) årsregnskapene og årsberetningene
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).

### **§14-3.Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning**

Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommende året skal vedtas før årsskiftet.

Årsregnskapene og årsberetningene skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt. Hvert årsregnskap skal behandles samtidig med tilhørende årsberetning. Vedtaket om årsregnskap skal angi hvordan et eventuelt merforbruk i driftsregnskapet skal dekkes inn.

Formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform innstiller kommunerådet eller fylkesrådet til vedtak. Innstillingen til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, skal offentliggjøres minst 14 dager før kommunestyret eller fylkestinget behandler den. Dette gjelder ikke for innstillinger om endring i vedtatt økonomiplan eller årsbudsjett. Økonomiplanen, årsbudsjettet, årsregnskapene, årsberetningene og saksdokumentene fra det innstillende organet skal sendes departementet til orientering. Dette gjelder også revisjonsberetningen og kontrollutvalgets uttalelser til årsregnskapene og årsberetningene. Departementet kan gi forskrift om frister for disse oversendelsene.

### **§ 14-4.Økonomiplan og årsbudsjett**

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd. Departementet kan gi forskrift om bevilningsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklingen i gjeld.

### **§ 14-5. Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring**

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnede organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har en rettslig plikt til å foreta.

Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.

Hvis årsregnskapet legges fram med et merforbruk i driftsregnskapet, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årets budsjett. Saken skal behandles av kommunestyret eller fylkestinget senest 30. juni.

#### **§ 14-10. Balanse i økonomiplanen og årsbudsjettet**

All bruk av midler i årsbudsjettet skal ha dekning i årets tilgang på midler.

Driftsbudsjettet skal dekke avdrag på lån med et beløp som minst tilsvarer avdrag beregnet etter § 14-18.

Årsbudsjettet skal dekke inn tidligere års merforbruk i driftsregnskapet og udekket beløp i investeringsregnskapet etter reglene i §§ 14-11 og 14-12.

Midler som etter lov eller avtale er reservert for særskilte formål, og som ikke benyttes i budsjettåret, skal settes av til et bundet fond.

Årsbudsjettet skal dekke avsetninger som er nødvendige for en god kommunal økonomiforvaltning. Investeringene skal over tid ha en egenfinansiering som ivaretar kommunens eller fylkeskommunens økonomiske handleevne.

Første til femte ledd gjelder på tilsvarende måte for hvert enkelt år i økonomiplanen

## 2. Budsjett rundskriv

### 2.1 Budsjettrundskriv 1-2022:

Frist for innsending av framlegg til budsjett for 2022 er **04.10.2021**

Talbudsjettet til driftsbudsjettet skal leggast inn i eBudsjett/Visma. Tekstdelen treng ikkje vere ferdig no, men utgifter utover ramma må grunngjenvæst.

Rådmann vil deretter gjennomgå framlegga og kalle den einskilde leiari inn til samtale før 2. budsjettrundskriv.

Første utkast til tildelte budsjettramme er lik rammene i økonomiplan for 2021-2024. I tillegg er rammene justert for lønsauke 2021 med totalt kr. 4 126 000,-

	Øk.plan	Lønsauke 2021	Lønsauke 2022	Totale rammer
Rådmann	15 580	196		15 776
Askvoll Sokn	3 809		103	3 912
Oppvekst	75 465	1 522		76 987
NAV	5 742	54		5 796
Barnevern	5 938	27		5 965
Helse og omsorg	100 000	2 013		102 013
Landbruk	1 930	74		2 004
Teknisk drift	8 309	30		8 339
Brann og redning	3 368	51		3 419
Bygg og eigedomsavd	4 050	69		4 119
Driftssentralen	5 213	90		5 303
Lønsvekst 2022			4 115	4 115
<b>Sum</b>	<b>229 404</b>	<b>4 126</b>	<b>4 218</b>	<b>237 748</b>

Statsbudsjettet blir lagt fram 13 oktober, rammene kan da bli endra

#### Lønsføresetnader

Lønsveksten (3,1%) for 2022 blir avsett på ansvar 900, de skal derfor ikkje rekne lønsvekst for 2022.

#### Sjukepengerefusjon

Det skal budsjetterast med brutto lønskostnader, og sjukepengerefusjon i dei tilfelle der det er kjent på budsjetteringstidspunktet.

#### Pensjonskostnader

Følgjande satsar blir lagt til grunn i 2022:

Medlemmar i KLP fellesordninga og sjukepleiarane : **13,2%**

Medlemmar i Statens pensjonskasse: **8,7%**

Formel er lagt inn i budsjettmalen i Visma og kan bli endra seinare.

### **Arbeidsgivar avgift**

Det skal budsjetterast med **10.6%** arbeidsgivaravgift på all løn.

Formel er lagt inn i budsjettmalen i Visma

### **Eigenbetaling, salsinnteker og overføringer m.v**

For eigenbetalingar, gebyr, avgifter og andre inntekter skal det reknast med ei auke på **2%**.

Husleige inntekter skal indeksregulerast. Avgiftene for VA sektoren og feiring kjem ein tilbake til, etter at ein har sett på sjølvkost og investeringar. Barnehagesatsar skal vere i samsvar med statleg pålegg.

Meiner du at det er grunnlag for ein annan faktor for regulering av inntekter må dette grunngjenvært i tekstdelen

### **Meirverdiavgift**

Drifskostnadane skal budsjetterast med nettokostnad og meirverdiavgift skal budsjetterast på eigen konto 14290 MVA. Kompensasjon for mva skal inntektsførast på konto 17290, desse kontoane ha like beløp. VAR sektor budsjetterer nettokostnad, men brukar ikkje 14290/17290

### **Investeringar**

Nye investeringsprosjekt i 2022 går fram av vedteken økonomiplan. Investeringsprosjekt som ein ynskjer inn i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 må sendast inn og grunngjenvært.

Ber om at de merkar viktige datoar på vedlegget "tidslinja for handsaming"

Nina Haugstad  
økonomisjef

## **2.2 Budsjettundskriv 2-2022:**

### **Budsjettundskriv 2 - 2022**

Frist for innsending av budsjett med nye rammer for 2022 er 27.10.21

Innmeldte behov for 2022 er vel 16 mill. kr over tildelt 1. ramme.

Rådmannen har justert innmeldte behov som vist i tabellen under:

<b>Ansvar (alle tal i tusen)</b>	<b>1.ramme</b>	<b>Innmeldte behov</b>	<b>Justert innmeldt behov</b>	<b>Ny ramme</b>
Rådmann	15 776	16 453	0	16 453
Askvoll Sokn	3 912	3 912	0	3 912
Oppvekst	76 987	86 687	-4 487	82 200
NAV	5 796	5 706	-106	5 600
Barnevern	5 965	7 583	-183	7 400
Helse og omsorg	102 013	103 994	-1 450	102 544
Landbruk	2 004	2 004	0	2 004
Teknisk drift	8 339	9 779	-1 079	8 700
Brann og redning	3 419	3 419	0	3 419
Bygge og eigendomsavd	4 119	5 263	-263	5 000
Driftssentralen	5 303	5 646	0	5 646
Inntekter Var-området	-9 000	-9 662	0	-9 662
Lønsvekst 2022	4 115	4 115	0	4 115
Statstilskot flyktninger	-2 352	-2 352	-1 943	-4 295
<b>Sum fordeling</b>	<b>226 396</b>	<b>242 547</b>	<b>-9 511</b>	<b>233 036</b>

Utgangspunktet for 1. rammer var gjeldande økonomiplan for 2021-2025. Rammene er justert for lønsvekst 2021.

Rådmannen sine forslag til endring i innmeldte rammer for 2022:

#### **Rådmannen (sentraladm)**

Det er stor auke i kostnad til lisensar. Stillinga som arkiv og sekretariatsleiar vart justert ned i 2021. Denne er no oppattbudsjettet. Etaten får behalde innmeldt ramme, men må ha gjennomgang av felleskostnader med tanke på innsparing i 2022.

**Ny ramme for 2022 kr. 20 365 000,- inkl. Askvoll sokn kr. 3 912 000,-**

#### **Oppvekst**

Reduksjon 4,5 mill. kr. i innmeldt behov.. Dette er inkl. PPT med reduksjon på 0,3 mill. kr.

Oppvekst vil komme med framlegg til reduksjon for å komme ned på ny ramme. Fokus på reduksjon i grunnbemanning på skule.

**Ny ramme for 2022 kr. 82 200 000**

#### **NAV**

Reduksjon i innmeldte behov med 106 000,- som fylgte av overført rus-teneste til helse og omsorg.

**Ny ramme for 2022 kr. 5 600 000,-**

#### **Barnevern**

Reduksjon i innmeldt behov med kr. 183 000,-

Det skal ikkje aukast i administrasjonen + generell innsparing.

**Ny ramme for 2022 kr. 7 400 00**

## **Helse og omsorg**

Reduksjon på 1,45 mill. kr i innmeldt behov:

Ambulansebåt reduksjon	0,2 mill. kr Redusere kjøkken får 7 til 5 dagar 0,6 mill. kr
Demenskoordinator	0,15 mill. kr
Generell innsparing	0,5 mill. kr
Reduksjon	1,45 mill. kr

Auka grunnbemanning ved Solstova/Rask vert «veksla inn» mot reduksjon i bruk av vikar og andre utgifter knytt til sjukefråvær på etaten.

**Ny ramme for 2022 kr. 102 544 000,-**

## **Teknisk drift**

Reduksjon i innmeldte behov med 1,079 mill. kr. :

Reduksjon i vegvedlikehald/veglys /rekreasjon i tettstad = samla 0,7 mill. kr

Inntekt frå gebyr aukast med kr. 300 000,-

**Ny ramme for 2022 kr. 8 700 000,-**

## **Bygg og eigedom**

Reduksjon i innmeldte behov med kr. 263 000,-

Takast frå vedlikehaldsbudsjettet.

**Ny ramme for 2022 kr. 5 000 000,-**

Rådmannen kjem tilbake med endringar i økonomiplanen for åra 2023-2025.

## **Arbeidet vidare:**

Nytt budsjettframlegg frå etatane lik justert ramme, skal sendast i retur til rådmannen, med kopi til økonomisjefen innan 27.10.21.

Det er lagt ut ny budsjettmal i Visma. Tidlegare innsendt budsjett finn de i arkivet. De må i tillegg sende inn teksdel til budsjettet, denne teksten blir ein del av budsjettet som blir lagt ut til offentleg ettersyn. De må og melde inn og kommentere evt. endringar dei tre påfylgjande åra. Det skal også sendast inn tal og teksdel til investeringsbudsjett for 2022-2025.

## **Vegen vidare:**

Utsending av rådmannen sitt framlegg til budsjett/økonomiplan 09.11.21

Første behandling i formannskapet 15.11.21

Ferdig budsjett/økonomiplan i formannskapet 29.11.21

Vedtak i kommunestyre 15.12.21

## **Satsar for pensjon og arbeidsgivaravgift:**

KLP fellesordninga og sjukepleiarane 13,2%

SPK : 8,47%

Arbeidsgivaravgift : 10,6%

Satsane er lagt inn i budsjettmalen og blir berekna automatisk.

## **Lønsauke:**

Rammene er justert for heilårsverknad av lønsauken i 2021.

Lønsauke for 2022 er budsjettert på ansvar 900.

Nina Haugstad  
økonomisjef

### **3. Nærmore oversikt frå rammeområda**

#### **3.1 Rådmann inkl. politisk styring**

##### **Ansvar 100: Rådmannen**

For 2022 er budsjettramma til ansvar 100 – rådmann sett til kr 16.453.000,- og til Askvoll sokn kr 3.912.000,-

Ansvar 100 har følgjande stillingar:

##### **Rådmannskontoret**

Rådmann 100%  
Ass. rådmann 100%  
Arkiv- og sekretariatsleiar 100%  
Rådgjevar 100%  
Næringsrådgjevar/folkehelsekoordinator 100% (50/50)  
Prosjektleiar 100%

##### **Økonomiavdelinga**

Økonomisjef 100%  
Løn- og personalleiar 100%  
Konsulent faktura/rekneskap 90%  
Konsulent eigedomsskatt 40%  
Konsulent rekneskap 100%

##### **Flyktningadministrasjon**

Flyktningkonsulent 100 %  
Miljøarbeidar i flyktningtenesta 52%  
Tilkallingshjelp (fører timeliste)

I 2021 økonomiavdelinga innlemma som del rådmannskontoret, der personalansvaret p.t. er underlagt rådmannen.

##### **Oversikt over tenestene under ansvar 100**

Budsjettet under ansvar 100 er sett saman av ei rekke teneste uavhengige av drifta i sjølve administrasjonen. Summane er nettobudsjett på kvar einskild teneste.

<b>Teneste</b>	<b>Namn</b>	<b>Sum</b>
10000	Politisk styring	2 050 731
10010	Folkevalde inkl. stønad til politiske parti	60 000
10020	Ungdomsråd	36 708
10070	Regionråd	100 000
10090	Kommunal vigsel	10 000
11050	Revisjon	609 000
11051	Kontrollutval	285 999
12010	Administrativ leiing	3 645 375
12020	Økonomiforvaltning	3 530 903

12040	Tillitsvalde	176 986
12050	Fellesfunksjonar (Post, bank, telefon, papir, kontormaskiner, bedriftshelseteneste, sørvisavtalar)	1 154 233
12053	SYS IKT	1 935 353
12054	Rådhuskantine	54 000
18000	Diverse fellesutgifter	200 000
18070	Eldreråd og råd for menneska med nedsett funksjonsevne	50 945
23301	Folkehelsekoordinator	409 414
23110	Ungdomssatsing/driftstilskot	35 000
24200	Råd, rettleiing og sosial føreb. ihht alkohol- og serv.lova	12 500
32500	Tilrettelegging og bistand til næringslivet	423.000
32510	Tilskot Visit Fjordkysten/Visit Askvoll	420 000
32520	Næringsrådgjevar	376 614
32570	Næringsfond	400 000
36000	Naturforvaltning og friluftsliv	367 000
36500	Kulturminnevern	112 000
38000	Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	140.000
38510	Kulturkontor	435 775
38530	Støtte til frivillige lag og organisasjoner	96 000
38550	Kulturvern/arkiv (avtalefesta tilskot til Kystmuseet)	95 000
38551	Bygdebøker m.m.	50 166
39000	Den norske Kyrkja	3 912 000

#### Flyktningadministrasjon:

Teneste	Namn	Sum
24220	Flyktningadministrasjon	1 259 298
27500	Introduksjonsordninga	800 000

#### Utbytte frå selskap mm.

Teneste	Selskap	Sum
32000	Utbytte SFE, SF Holding og Firda Billag AS	- 1 900 000
32000	Fallrettsleige frå SFE i Stongfjorden	- 500 000

#### Budsjett 2022:

##### Driftsbudsjett

- Supplerande informasjon til einskilde tenester

#### Folkevalde inkl. stønad politiske parti (10000 og 10010)

På denne tenesta vert all godtjersle og tapt arbeidsforteneste for politikarane budsjettert og alle kostnader med gjennomføring av møter i politiske organ.

Ordføraren disponerer kr 20.000,- til representasjon og kr10.000,- i reserverte løyvingar.

Det er sett av kr 65.000,- som reserverte løyvingar til formannskapet.

For å stimulere lokale folkevalde til politisk arbeid, er det lagt som føresetnad gjennom rammeoverføringa at kommunen skal betale ut støtte til dei politiske partia. Kommunen avgjer sjølv storleiken på tilskotet. Stønaden vert fordelt ut frå oppslutnaden dei folkevalde gruppene fekk ved kommunestyrevalet.

For 2022 er det budsjettert med kr 60 000,- i tilskot til politiske parti.

## **Ungdomsrådet (10020)**

Sekretærfunksjon for ungdomsrådet ligg som ei oppgåve i stillinga til rådgjevaren på rådmannskontoret.

Tilskot frå «Ung i Askvoll»-midlar budsjettet på denne tenesta. Ungdomsrådet fordeler årleg tilskotet etter søknad, og midlane går til musikk, teater/film, kurs og fritidsaktivitetar av og for ungdom. Tilskotet i 2022 er kr 15 000,-. På denne tenesta vert møtegodtgjersle for medlemmer i Askvoll ungdomsråd budsjettet, og ev. refusjon av reiseutgifter. Ungdomsrådet har ca. 4-5 møter i året og består av 11 representantar. Møtegodtgjersle er kr 400,- per møte for leiar i ungdomsrådet, og møtande medlemer og varamedlemer får kr 200,- per møte jf. § 5 i forskrift om godtgjersle til folkevalde i Askvoll kommune. Askvoll ungdomsråd sender årleg 2 representantar til fylkesting for ungdom, og kommunen dekkjar deltagingsavgift, overnatting og reiseutgifter.

## **Revisjon (11050)**

Revisjonshonoraret for deltakarkommunane i revisjonssamarbeidet er for 2021 fastsett til kr 609 000,-.

I følgje revisjonsleiar vil det vere lite endring i honoraret i 2022 slik at beløpet vert vidareført frå 2021 til 2022.

## **Kontrollutvalet (11051)**

Det er budsjettet med kjøp av teneste frå Sekom-sekretariatet i 2022 med kr 192 000,- og drift av kontrollutvalet med kr 93 999,-

## **Fellesutgifter (12050)**

Denne tenesta omfattar alle fellesutgifter i høve til den kommunale drifta, som posten, lisensar, telefoni, serviceavtalar m.m..

## **Interkommunalt IKT-samarbeid (12053)**

Askvoll kommune deltek i det interkommunale samarbeidet mellom SYS-kommunane om felles IKT-funksjon, «SYSIKT». IKT-funksjonen for medlemskommunane inneheld m.a. Helpdesk, drift- og vedlikehaldsansvar for IKT-utstyret og -system, felles lisensadministrasjon og felles sikkerheitsløysing. For 2022 er det budsjettert med ein IKT-kostnad på kr 1 935 353,- som dekker vår del av driftskostnaden for SYSIKT-samarbeidet, drift og vedlikehald av det nye økonomisystemet, saks- og arkivsystem, samt sikkerheitsløysinga.

Grunna nye lisensstrukturar for administrasjon må ei rekne med ei betydeleg auke i kostnadene for 2022. Dette pga at det ikkje lenger mogeleg å velje kva ein treng, men ein er tvungen frå leverandørsida til å kjøpe heile pakkar med innhald uavhengig av reelt behov.

## **Rådhuskantine (12054)**

Innkjøpt på denne tenesta vert dekka ved at dei tilsette på råhuset betalar ein fast månadleg sum for tilgang til kaffi, te, kakao m.v..

## **Diverse fellesutgifter (18000)**

Denne tenesta famnar kollektive forsikring (skadeforsikring) og utgifter knytt til deltaking på kurs/seminar innvilga av arbeidsgjevar.

## **Eldreråd og menneske med nedsett funksjonsevne (18070)**

Det er sett av kr 50 945,- som skal dekke godtgjersle for leiar, variabel godtgjersle for deltaking, samt møteforpleiing, kurs, annonsering m.v. knytt til drift av rådet.

Driftstilskot til foreiningar (23110)

Tilskot til frivillige ungdomsklubbar er kr 35.000,- i 2022.

## **Folkehelsekoordinator (23301)**

I tillegg til vanlege utgifter til drift, er her avsett kr 30.000,- i midlar til kommunal del i prosjekt som folkehelsekoordinatoren set i gang.

## **Råd, rettleiing og sosial førebygging i hht alkohol- og serveringslova (24200)**

Denne posten dekkar utgifter knytt til handtering av mellom anna sal- og skjenkeløyve samt periodiske skjenke-, sals- og røykekontrollar (Trygg24).

## **Utbytte og eigaruttag frå selskap m.m. (32000)**

For 2022 vert det budsjettert med kr 1 900 000,- i samla utbytte frå SFE og Sogn og Fjordane Holding AS og Firda Billag AS. I tillegg er det budsjettert leigeinntekter på fallrettane i Stongfjordvassdraget. SFE har inngått ein evigvarande leigeavtale med kommunen om leige av fallrettane. Leiga skal førast som driftsinntekter avhengig av produksjon og marknads spotpris. For 2022 vert det budsjettert med kr 500.000,- i leigeinntekter, auke i høve tidlegare budsjett grunna høg straumpris.

Samla utbytte og leigeinntekter for 2022 vert estimert til kr 2.400.000,-

## **Turistinformasjon (32510)**

Desse midlane vert fordelt med kr 320 000,- til Visit Fjordkysten og kr 100 000,- til Visit Askvoll.

## **Tilrettelegging for næringslivet/infrastruktur (32500)**

På tenesta 32500 er det avsett kr 423 000,- til næringsretta tiltak og infrastruktur. Beløpet er samansett av og finansiert ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet (kr. 227 000,-). Resten vert finansiert gjennom 30% av inntektene frå eigedomsskatt frå verk, virke og annan næring, jf. vedtak i KOM-sak 048/14 om eigedomsskattevedtekter for Askvoll kommune.

Kommunal eigenfinansiering av t.d. breibandutbygging og anna type infrastruktur eller tilrettelegging for næringslivet der dei ikkje kan nytte seg av næringsfondet, er meint dekka av denne posten.

## **Næringsarbeidet (32520)**

Det er budsjettert med 50 % stilling som næringskonsulent og sett av midlar til opplæring/kurs og reise.

## **Næringsfond (32570)**

Det er sett av kr. 400 000,- på fond tiltenkt næringsretta tiltak/-tilskot.

## **Naturforvaltning og friluftsliv (36000)**

På denne tenesta vert den årlege kontingensten til Fjordane friluftsråd budsjettert som består av ein grunnkontingent på 25 000 kr og ein sats på 20 kr pr. innbyggjar i Askvoll kommune. Den samla kontingensten er på om lag 86 000 kr

I tillegg Fjordane Friluftsråd, vert kontingenoten til Fjordkysten Regional- og Geopark utgiftsført på denne tenesta. For 2022 er kontingenoten på 226 000 kr  
På denne tenesta er det også sett av 10 000 kr (konto 12300) til vedlikehald og drift av dagsturhytta Nykshytta, jf. avtalen som Askvoll kommune har inngått med Holmedal vel, samt driftstilskot på samla 20.000 kr til lag og organisasjonar som tar seg av drift og vedlikehald av dei 20 Kystarvtiane i kommunen.

Det vart i 2020 vedteke at drift av skjærgårdstenestebåt frå 2021 skal dekkast av inntil kr 350.000,- av innbetalt kontingent frå medlemskommunane, og at kontingenot til Fjordane friluftsråd per innbyggjar vert auka frå kr 15,- til kr 20,- til dette føremålet. Drift av skjærgårdstenestebåt er såleis heretter dekka av den årlege kontingenoten til Fjordane friluftsråd.

### **Kulturminnevern (36500)**

På denne tenesta vert det budsjettet med 112 000 kr i tilskot til lokalt kulturminnearbeid. I samsvar med føringane i Kulturminneplanen er delar av ramma for ordninga øyremerka som ein fast, årleg driftsstøtte (25 %) etter søknad til bygdemusea i kommunen. Resten av ramma vert fordelt etter søknad til alle som driv med lokalt kulturminnearbeid og som søker tilskot til formidlingsprosjekt (kurs, opplæring, informasjon, og liknande) og tiltak som restaurering, vedlikehald, bevaring og utvikling av kulturminne.

Kr 12.000,- går til straum ved Baden, Stongfjorden.

Kr 75 000,- er sett av til arbeid knytt til kulturminneplanen.

Kr 25.000,- er reservert som driftstilskot til museum.

### **Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg (38000)**

Frå 2016 vert det innført ei ny ordning med kommunalt tilskot til utbygging av private anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Ordninga er knytt opp mot spelemiddelordninga, og tildeling av midlar vert gjort årleg av kommunestyret, i samband med rulleringa av handlingsprogrammet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Det er budsjettet med kr 110 000,- til anlegg og kr 20.000,- i kontingentstøtte til idrettslag for å dekke tapt kontingent frå barn og unge. Frå 2020 omfattar ordninga òg forsamlingshus som får tildelt spelemidlar frå ordninga «Tilskot til kulturygg i Vestland». Askvoll kommune har etter kvart fått ein anleggsstruktur som er godt tilpassa geografi og aktivitetsnivå, og i handlingsprogrammet for dei kommande 4 år er det førebels berre ein søknad om spelemidlar til private anlegg.

Samstundes ser vi at velforeiningar og bygdelag i kommunen ber om tilskot til mindre anleggstiltak som kjøp og oppgradering av leikeplassutstyr.

Leikeplassutstyr er ikkje omfatta av spelemiddelordninga. Det bør vurderast om den kommunale ordninga også skal omfatte tilskot til mindre anleggstiltak på leikeplassar, og ikkje lenger berre anleggstiltak som òg søker tilskot frå spelemiddelordninga.

I tillegg til anleggstilskot er det på denne tenesta også budsjettet med kr 10.000 i driftstilskot til idrettsrådet.

### **Kulturkontor (38510)**

50 % av lønna til rådgjevarstillinga er budsjettet på denne tenesta.

I tillegg er det budsjettet med kr 15 000,- i kommunal tilskot til Dalsfjordveka, som er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Askvoll, Fjaler og Sunnfjord. Kommunane samarbeider med private og frivillige aktørar, og arrangerer små og større kulturarrangement i første halvdelen av august. Av kontingentar er det sett 10 000 kr til Stiftinga Kystkultur.no!, som er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og 25 kystkommunar i Vestland fylke med føremål om å stimulere og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av

kystkulturtildelning og koordinering av kystkultur i Vestlandsregionen og kr 4 000,- til kontingent i Norsk kulturforum.

### **Støtte til frivillige lag og organisasjonar (38530)**

På denne tenesta er det budsjettet med kr 96.000,- fordelt som tilskot på kr 60.000 til kulturmidlar og kr 36.000,- i driftstilskott til velforeiningane. Velforeiningane får herav eit årleg driftstilskot på kr 6.000,- mot innsendt årsmelding og årsmøtereferat.

Kulturmidlane vert fordelt etter søknad til arrangørar av kulturarrangement og –aktivitetar. 70 % av den budsjetterte ramma vert lyst ut på våren med fast søknadsfrist. Resterande 30 % vert lyst ut etter sommaren og kan søkast på fortløpende fram til midlane er fordelt.

### **Kulturvern og arkiv (38550)**

Askvoll kommune yter årleg eit driftstilskot til Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) som går til Kystmuseet i Florø. Grunna innsparingskrav sa Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2014 opp alle driftsavtaler og vedtok å redusere sin del av driftstilskotet til MiSF. I samband med det oppretta fylkestyret i KS ei arbeidsgruppa som utarbeidde ny kommunal driftsavtale med modell for finansiering som skulle auke dei kommunale driftstilskotet. I KOM-sak 065/16 vedtok å inngå ny kommunal driftsavtale med MiSF. Tilskotet til Stiftinga er berekna til kr. 95 000,- i 2022

### **Bygdebøker (38551)**

På denne tenesta vert møtegodtgjersle for Askvoll sogenemnd budsjettet (550 kr pr. møte – dei har ca. 3 møter i året og er 7 medlemmar), samt produksjonen og sal av det årlege sogehefte.

Sal av øvrige lokalhistorie publikasjonar vert også inntektsført på denne tenesta.

### **Den norske kyrkja (39000)**

Den samla overføringa for 2022 vert kr. 3 912 000,-

### **Busetting av flyktningar**

Budsjettet for busettingsarbeidet er splitta opp i tre forskjellege tenesteområda på ansvar 900: *Teneste 85000 - generell statstilskot vedr. flyktningar m.m.* Integreringstilskotet som kommunen får overført frå staten til å dekke kommunen sine gjennomsnittlege utgifter ved busetting og integrering av flyktningar, vert budsjettet på ansvar 900. Tilskota og introduksjonsløn (2x grunnbeløpet i foketrygda) vil sannsynlegvis endre seg noko i løpet av 2022.

For 2022 er det budsjettet med kr 4 713 600 i integreringstilskot.

### **Teneste 24220 – flyktningadministrasjon**

På dette tenesteområdet vert kostnadene med koordinering av busettingsarbeidet utgiftsført, altså løna til flyktningkonsulent (100%), miljøarbeidar (52%) og tilkallingshjelp (fører timeliste).

## **Teneste 27500 – Introduksjonsordninga**

Denne tenesta inneheld lønnsutgiftene knytt til introduksjonsordninga. Nye flyktninger mellom 16 og 55 år har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet, som er ei kombinasjon av opplæring i norsk, samfunnskunnskap og arbeidsretta tiltak. For personar mellom 55-67 år er deltaking valfritt. Programmets varigheit er 2 år, og det skal vere heilårleg og følgjer alminnelege reglar i arbeidslivet i høve arbeidstid 37,5 t/v, fravær og ferie. Målet med programmet er kvalifisering til arbeid eller vidare utdanning.

Frå 2021 kom den nye integreringslova som gjeld for flyktningar busett i kommunen etter 01.01.21. Her er det blant anna andre retningslinjer og krav til tilbod og lengde på program, som kan gje nokre flyktningar lengre og kortare tid i integreringsprogrammet. Det er òg fleire krav til grunnskule og vidaregåande skule i løpet av programmet som kan ha betyding for kostnadane.

For 2022 er det budsjettert med kr 780 000,- i introduksjonsstønad i tillegg til ein generell post for innkjøp av nødvendig inventar og utstyr på kr. 20 000,-

Tova Kjæmpenes  
Ass.rådmann

### **3.1.1 Askvoll sokn**

## **FR 2021/38 Budsjettforslag 2022 og økonomiplan 2023-2025**

### **UTGREIING**

Kyrklege fellesråd og sokneråd skal etter økonomiforskriften § 6, kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal mellom anna gi eit realistisk oversyn over:

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til **4. oktober** for innmelding av behov til Askvoll kommune.

### **DEL 1: Investeringar**

Det er teke utgangspunkt i balansert budsjett i kommunen sitt vedtak frå 2020, som går fram til 2024.

Investeringar i perioden lagt inn der er:

	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Holmedal kyrkje	1.500.000	1.500.000	1.500.000	0
Tak Askvoll kyrkje	1.500.000			0
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard	1.700.000			0
Ovnar og belysning Vilnes kyrkje	170.000			0
Rullestollift/heis Askvoll kyrkje	100.000			0

Kommentar til prosjekta:

#### **Rehabilitering Holmedal kyrkje:**

Her bør det ligge inne 1,5 millionar årleg inntil rehabiliteringa av kyrkja er ferdig (jf. tidlegare signal frå kommuneleiinga).

Då ein berre har hatt utgifter til prosjektering i 2021, vil ein ha disponibelt om lag 2,9 millionar til prosjektet i 2022.

#### **Konsekvens ved manglende løyving:**

Utsett restaurering fører til forverring av bygningstilstand og fordyra prosjekt. Fare for nedfall frå tak. Ikkje tilfredsstillande persontryggleik.

#### **Tak Askvoll kyrkje:**

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekkja skadar og slitasje på det hellelagte kyrketaket. Tilstandsanalyse og utarbeidning av tiltaksplan/kalkyle er gjennomført i 2020, og det er tilrådd rehabiliteringsarbeider på kyrketaket innanfor ein 10-årsperiode, totalt kalkulert til kr 6,6 millionar, altså vesentleg høgre kostnad enn det som ligg inne i økonomiplanen.

Akasia, som har utført tilstandsanalysen, har oppdelt rehabiliteringsprosessen i delprosjekt i følgjande prioriteringsplan:

Prio. 1:	Skipets takkonstruksjoner	2,9 millionar
Prio. 2:	Koret sine takkonstruksjoner	1,1 millionar
Prio. 3:	Tårnfotens skifertekking	2,3 millionar
Prio. 4:	Kobbertekking på tårn	0,3 millionar
	<u>Totalkost ekskl. MVA</u>	<u>6,6 millionar</u>

*Konsekvens ved manglende løyving:*

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen. Vidare er det fare for personskade om takstein skulle løsne.

*Nytt servicebygg på Askvoll kyrkjegard:*

Prosjektet har stått lenge i økonomiplanen, og sto i budsjettet 2020. Tildelt løyving i 2020 til prosjektet på kr 1,08 millionar er omdisponert til ferdigstilling av brannsikring og tilbygg Vilnes.

Truleg er tidlegare innlagt finansieringsbehov for lågt, då dette har vore eit stipulat som har lege inne i tidlegare økonomiplan i mange år. Antakeleg ligg reelle behov minst 50-60% over dette tidlegare estimatet. Stipulatet til eit slikt servicebygg er sett minst 1,7 millionar.

*Konsekvens ved manglende løyving:*

Ein har ikkje tilfredsstillande lagerplass til maskinar, utstyr og materiell til gravplassane. Ein har ikkje tilfredsstillande pauserom/omkledningsfasilitetar til dei som arbeider på gravplassane.

*Omnar og belysning Vilnes kyrkje:*

Etter gjennomført konkurranse i august 2021 vil ein på dette prosjektet ha eit totalt finansieringsbehov på om lag 270.000,-.

Med 60% prosjektfinansiering frå Riksantikvaren, som då utgjer kr 162.000,-, må ein lokalt dekke kr 108.000,-. Med 162.000,- i statleg tilskot, ligg det kr 43.000,- i unytta tilskotsmidlar.

Utskifting av takbelysning er ikkje omfatta av tilskotsordninga, men kyrkjeverja er i dialog med Riksantikvaren på å få godkjent ombygging av eksisterande lampar til LED-belysning, og skifte ut ledningsnettet til lampene.

Såleis kan summen stå, som i kommunens investeringsoppsett, med kommunal finansieringsdel kr 170.000,- og statstilskot på kr 205.000,-

*Konsekvens ved manglende løyving:*

Varme og belysning i Vilnes kyrkje er ikkje tilfredsstillande. Tekniske innretningar er ikkje optimale med tanke på brannførebygging. Ein får ikkje nytta seg av aktuelle tilskotsordninga.

Rullestollift/heis Askvoll kyrkje:

Her ligg ikkje føre konkret prosjektplan eller kalkyle.

Stipulert finansieringsbehov kr 100.000,-

Konsekvens ved manglende løyving:

Askvoll sokn sine kyrkjer stettar ikkje gjeldande krav til universell utforming, og rullestolbrukarar vert hindra i likeverdig deltaking i fleire av våre arrangement.

Kyrkjeorgelet i Holmedal kyrke:

Utan at det påverkar kommunal løyving, bør Askvoll sokneråd også å legge inn restaurasjon av orgelet i Holmedal kyrkje i 2023 (sjå eiga sak).

Ein har kr 676.000,- i fåvemidlar til formålet sett i fond i tillegg til fondsmidlar til inventar i Holmedal kyrkje, mellom anna til orgel (kr 138.000,-).

På bakgrunn av ovanståande bør ein melde inn til Askvoll kommune slike behov for investeringstilskot i planperioden (nye tal er markert med feit skrift):

	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Holmedal kyrkje	1.500.000	1.500.000	1.500.000	<b>1.500.000</b>
Tak Askvoll kyrkje	1.500.000	<b>1.400.000</b>	<b>1.100.000</b>	<b>2.300.000</b>
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard	1.700.000			
Ovnar og belysning Vilnes kyrkje	170.000			
Rullestollift/heis Askvoll kyrkje	100.000			
Orgelet i Holmedal		0		
<u>Sum pr. år</u>	<u>4.970.000</u>	<u>2.900.000</u>	<u>2.600.000</u>	<u>3.800.000</u>

**DEL 2: Drift**

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2022 i balanse.

**1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING**

**1.1.0 Utgifter**

**1.1.1 Lønn og sosiale utgifter**

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå, frå 2. halvår 2021, men med ei 10% stillingsauke på kyrkjemusikar, finansiert av tilskot frå Bjørgvin bispedømme og Helse og omsorg, Askvoll

kommune. Samla budsjettert utgift til lønn og sosiale utgifter for 2021 er kr 2.863.200,-. Her er lagt inn 2,8% lønnsvekst i 2021-2022  
Samla for lønn og sosiale utgifter vert då i 2021: kr 3.006.000,- inkludert 10% ekstra stillingsressurs.

### **1.1.2 Kjøp av varer og tenester**

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjer i forslaget kr 1.000.000,-, som er ei nominell vidareføring av førre planvedtak.

Det er føreslege brukt kr 150.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2022.

Nedanfor er eit førebels forslag til tiltak i VU-plan 2022 (kostnader er stipulater).  
(Forslaga under i VU-planen vil gå til endeleg vedtak i budsjettvedtak for 2022, og ein må sjå dette i samanheng med framdrift og kostnad i VU-plan 2021.)

### **VU-plan 2022**

<b>Førebels VU-plan 2022</b>	<b>Utgift</b>
Kompostløysing og opprydding Stongfjorden gravplass	20 000
Leasingavtale plentraktor (årspris)	25 000
Opprydding bårerom i Kvammen	10 000
Lyddemping Kvammen kapell	20 000
Fornying PC-ar og kontormøblar kyrkjekontoret	25 000
Uføresett	50 000
<u>Sum</u>	<u>150 000</u>

### **1.1.3 Refusjonar og overføringer**

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 15.000,- til eigenkapitalinnskot.
- Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
- Refusjonar for leige av bedehuskapella med kr 60.000,-.

Totalt kr 95.000,-

## **1.2.0 Inntekter**

### **1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter**

Dette vil vere ein varierande inntektskategori, særleg ut frå varierande tal festefornying.

#### *Festeavgift*

Det er registrert ca. 250 festeutløp i 2021, med tilbod om fornying i 2022. Dette er lågare enn talet for 2020, der det var om lag 100 fleire utløp, men ein vil i 2022 få effekten av forhøya festeavgift frå 150,- til kr 260,- for ordinært feste.

Om ein framleis legg til grunn 80% fornyingsgrad av festa (altså 200 graver), vert stipulatet for inntekt for festeavgift i 2022 sett til kr 273.000,-.

Ein bør likevel legge inn ein margin med tanke på at færre vil fornye festet med auken i avgiftssatsen, og at ein tek utgangspunkt i 70% fornyingsgrad, altså 175 graver i 2022.

Dette gir ei forventa inntekt på kr 239.000,-, altså kr 16.000,- meir enn i 2021.

#### *Betaling for kyrkjelege tenester*

Med verknad frå mai 2021, har ein innført nokre nye betalingstenester knytt til kyrkjelege tenester. Med berre 5 månaders erfaringsgrunnlag er det ikkje godt nok grunnlag til å forutsjå total effekt av dette. Det er speling før start (kr 250,-) og kyrkjemusikar si øving med solist (kr 400,-) som er nytt her, men ein ser så langt at dei aller fleste vel tilbodet om preludering ved gravferd.

Siste tre åra har ein hatt 33 kyrkjelege gravferdsseremoniar i soknet, og ein kan då forvente ein årleg inntekt på ca. kr 8.000,- her.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 6.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total eigeninntekt er sett til kr 256.000,-.

### **1.2.2 Refusjonar og overføringer**

Ingen forventa refusjonar og overføringer frå eksterne ut over kompensert MVA og evt. sjukelønnsrefusjon.

Ein legg til grunn kr 10.000,- i fondsfinansiering av ekstra stillingsdel til kyrkjemusikar.

### **1.2.3 Rammetilskot eigen kommune**

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens sitt budsjetttrundskriv (2022), kr 3.912.000,- som er vidareført ramme frå 2021 med tillegg av kr 103.000,- i lønnsauke.

### **1.2.4 Andre tilskot og gåver**

Stipulert kr 10.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

Tilskot rentekompensasjon for orgel er sett til kr 10.000,-

Nytt prosjekt «Musikkdiakoni i Askvoll» er innvilga tilskot på kr 80.000,- frå Bjørgvin bispedømme og kr 80.000,- frå helse- og omsorgsetaten i Askvoll kommune gitt over 3 år. Her er lagt inn kr 53.000,- i samla årleg tilskot pr. år.

Samla tilskot og gåver: kr 73.000,-

<b>Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)</b>		
<i>Utgifter:</i>	ØP 2022	ØP 2021
Lønn og sosiale utgifter	3 006 000	2 850 000
Vare og tenestekjøp	1 000 000	1 000 000
VU-plan (utanom fondsfinansierte tiltak)	150 000	192 000
Refusjonar og overføringer	95 000	120 000
<i>Sum utgift</i>	<u>4 251 000</u>	<u>4 162 000</u>
<i>Inntekter:</i>		
Brukabetalinger, sal og avgifter	-256 000	-221 000
Refusjonar og overføringer	-10 000	0
Rammetilskot eigen kommune	-3 912 000	-3 886 000
Andre tilskot og gåver	-73 000	-55 000
<i>Sum inntekt</i>	<u>-4 251.000</u>	<u>-4 162 000</u>
<b>Differanse</b>		0

## **2 Hovedkapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd**

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukabetalinger/eigenandelar.

I planforslaget vert det forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

Endelege tal for dei enkelte tenestene vil verte utarbeidd i samband med endeleg budsjettvedtak for 2022.

## **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek førebels budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025 som den ligg føre i forslaget.

## **HANDSAMING**

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek førebels budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025 som den ligg føre i forslaget.

## 3.2 Oppvekstetaten

### Budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025 for Oppvekstetaten - Tekstdel

#### Tenestene

Oppvekstetaten yter tenester innan følgjande områder :

- Ansvar 200 Oppvekstsjefen** – administrasjon og leiing, skuleskyss, PPT og kjøp av spesialpedagogiske tenester får andre – 3,8 årsverk
- Ansvar 210-213 Grunnskule** – Grunnskule- og SFO-tilbod på skular i Askvoll, Atløy, Bulandet og Gjelsvik. Askvoll skule har også ansvar for vaksen- og grunnskuleplæringa for framand-språklege:
- Ansvar 250 Kulturskule** – musikk-, visuell kunst- og teatertilbod, Den kulturelle skulesekken og Ungdommens kulturmönstring – 89 elevplassar og 2,4 årsverk + og adm. av Dans utan grenser (danseverkstad) – 20 elevar og 0,15 årsverk
- Ansvar 271-276 Barnehage** – barnehagetilbod i dei fem barnehagane Røverompa, Nipa, Gjelsvik, Holmedal og Bulandet.
- Ansvar 280 Askvoll bibliotek** - folkebibliotektilbod i kommunen og skulebibliotek for Askvoll skule – 1,0 årsverk

#### Sentrale nøkkeltal for etaten

Tala er henta frå KOSTRA, og er alle frå 2020

Indikator	Askvoll	Kostra-gruppe 4	Vestland	Landet u/Oslo
<b>Barnehage</b>				
Netto driftsutg. barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	<b>10,1</b>	11,3	14,8	14,2
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	<b>162 203</b>	173 137	172 043	168 389
Tal barn korrigert for alder per årsverk til basisverksemid i barnehage	<b>5,3</b>	5,4	5,7	5,7
Andel barn som får spes.ped. hjelp (prosent)	<b>5,4</b>	3,9	3,8	4,0
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	<b>85,1</b>	90,9	93,9	92,9
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (prosent)	<b>71,4</b>	83,7	82,6	84,0
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemannning (prosent)	<b>49,2</b>	42,9	44,7	42,4
<b>Grunnskulesektor (grunnskule, SFO, drift av bygg og skuleskyss)</b>				
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i prosent av samlede netto driftsutgifter	<b>23,9</b>	21,7	22,8	22,4
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor, per innbygger 6-15 år	<b>161 671</b>	138 934	122 777	117 307
Gruppestørleik	<b>9,9</b>	13,7	15,2	15,7
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	<b>42,7</b>	42,4	43,2	42,9
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	<b>9,1</b>	10,1	7,5	7,8
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning	<b>257,7</b>	149,2	147,8	143,1

<b>Kulturskule</b>				
Netto driftsutg.til kommunale kulturskoler, i prosent av samla netto driftsutg.	0,5	0,6	0,5	0,5
Netto driftsutgifter til kommunale kulturskoler per innbygger 6-15 år (kr)	3 517	4 058	2 679	2 641
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	23,5	20,6	13,1	13,6
Barn 6-15 år som står på venteliste til kommunens kulturskole (prosent)	2,6	1,3	2,9	3,0
<b>Folkebibliotek</b>				
Netto driftsutgifter til folkebibliotek i forhold til kommunens totale driftsutgifter (i prosent)	0,4	0,5	0,4	0,5
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger	357	357	287	295
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger	1,6	3,0	2,1	2,1
Besøk i folkebibliotek per innbygger	0,7	3,9	2,4	2,7

## Behovsutvikling



## Elevtalsutvikling 6-15, 2021-2026



Barne- og elevtalsutviklinga vert kommentert i teksten nedanfor

### Budsjettframlegg for 2022

Oversynet nedanfor viser korleis ramma til Oppvekstetaten på 82.200.000 kroner er fordelt mellom dei ulike einingane ut frå innsendt framlegg til taldel frå etaten.

Ansvar	Tekst	2. framlegg 2022	1. framlegg 2022	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
210	Oppvekstkontoret	7 749 423	8 161 805	8 111 898	8 051 698
210	Askvoll skule	24 415 712	25 605 911	24 084 136	21 788 511
211	Atløy skule	10 007 728	10 299 790	8 466 649	6 280 175
212	Bulandet skule	7 569 055	8 020 868	7 353 047	6 843 149
213	Gjelsvik skule	8 160 973	8 464 012	7 833 910	7 039 844
250	Askvoll kulturskule	1 326 601	1 326 601	1 398 276	1 436 762
271	Røverompa barnehage	7 487 312	8 002 175	7 342 223	8 533 504
272	Nipa barnehage	3 071 359	3 589 478	3 956 788	3 877 475
273	Gjelsvik barnehage	3 563 008	3 878 616	3 419 142	3 525 040
274	Holmedal barnehage	4 993 455	5 205 542	4 751 013	4 492 997
276	Bulandet barnehage	2 695 357	2 972 117	2 804 394	1 675 131
280	Askvoll bibliotek	1 160 017	1 160 017	1 112 712	995 363
<b>Totalbudsjett</b>		<b>82 200 000</b>	<b>86 686 932</b>	<b>80 634 188</b>	<b>74 539 650</b>
Budsjettramme		82 200 000	76 987 000		
<b>Avvik</b>		<b>0</b>	<b>-9 699 932</b>		

I 1. budjettrundskriv fekk Oppvekstetaten tildelt ei ramme på 76.987.000 kroner til fordeling på ansvar 200-280. Ramma byggjer på økonomiplan 2021-2024, men justert med lønsauken i 2021.

I framlegg til økonomiplan frå rådmann vart ramme til etaten redusert med 1 % frå 2022, og vidare ein reduksjon med om lag 0,5 mill pr. år i økonomiplan-perioden. Ved budsjettetthandsaminga vart ramma for 2021 auka med netto 1,3 millionar for å gje plass til inntak av barn i barnehage frå 01.01.21, men denne auken vart ikkje vidareført i resten av økonomiplanen.

Det står vidare i føringane for økonomiplanramma at det er ikkje rom for nye tiltak som ikkje kan skje ved omfordeling innanfor rammene til etaten. Svaret på korleis dette skal gjennomførast må finnast i gjennomgang av ressursar og organisering som skulle settast i gang tidleg i 2021, og her syner ein til Telemarksforskning sin rapport Ressurs- og organisasjonsanalyse Askvoll kommune for tenesteområda oppvekst og helse og omsorg.

I tillegg til føringane i økonomiplan og i 1. budsjettundskriv frå økonomisjefen fekk einingsleiarane melding frå underteikna om at i arbeidet med budsjettframlegg for 2022 i houvsak måtte ha oppretthald av dagens drift som utgangspunkt for det budsjettframlegget dei la inn. Nye tiltak som ikkje kjem på grunn av endringar i barnetal, elev- og klassesetal og nye ressurskrevjande tiltak, eller ut frå vedtak, lov og regelverk, må ikkje leggjast inn i budsjettframlegget, men bli omtala inkl. kostnad i eigne budsjettkommentarar. Unnateke tids-kompensasjon for planleggingstid i barnehagane (vert omtala nedanfor), er det kommunalsjefen sitt syn at alle partar helde seg til dei nemnde føringane i budsjettframlegg.

Etter gjennomgang av budsjettframlegga frå einingane med kvar einskild leiar, vart 1. budsjett-framlegg slik det går fram av tala ovanfor, lagt fram om lag 9,7 millionar over gjevaramme, og om lag 6 millionar over ramma for 2021. Ein vil nedanfor gå nærmare inn på grunnlaget for det store avviket, men vil innleiingsvis kort liste opp hovudmomenta:

Ressurskrevande grunnskuletiltak på Askvoll og Atløy skular	4 millionar kroner
Ressurskrevande tiltak SFO på Atløy og Gjelsvik skular	500.000 kroner
Kompensasjon av planleggingstid i barnehagane – om lag 2 årsverk	1 million kroner
Opne oppatt for utvida opningstid i Nipa barnehage haust 22 (10 t/dag)	200.000 kroner
Ny ressurskrevande brukar i barnehage frå januar (100% stilling)	500.000 kroner
Ta inn nye barn i barnehage frå januar (13 nye plassar registrert til no)	700.000 kroner
Driftskostnad PPT aukar (færre kommunar og større del av barnetalet)	300.000 kroner
Mottak av nye flyktning-barn og oppfølging av dei som kjem attende	500.000 kroner

Før ein går nærmare inn på grunnlaget for avvika på einingar og tenester, har ein nedanfor laga ei oversikt over kva tal stillingar, barnehageplassar og elevtal som ligg til grunn for budsjetteringa i 2022. For samanlikning har vi også teke med tilsvarande tal som låg til grunn for 2021-budsjettet på same tid hausten 2020.

Eining		Stillingar b.hage og skule 2021 og 2022			Barnehageplassar og elevtal 2021 og 2022		
	År	Vår	Haust	Endring	Vår	Haust	Endring
Askvoll skule	2021	38,5	37,8	-0,7	186	186	0
	2022	39,4	41,3	1,9	184 *	189 *	5
Atløy skule	2021	11,5	11,8	0,3	47	50	3
	2022	15,2	14,2	-1,0	52	46	-6
Bulandet skule	2021	9,5	10,1	0,6	34	31	-3
	2022	9,8	11,7	1,9	26	33	7
Gjelsvik skule	2021	10,9	11,2	0,3	47	52	5
	2022	11,1	10,9	-0,2	50	48	-2
SAMLA 2021	2021	70,4	70,9	0,5	314	319	5
SAMLA 2022	2022	75,5	78,1	2,6	312	316	4
Røverompa barnehage	2021	14,6	11,7	-2,9	66,6	55,0	-11,6
	2022	14,7	12,7	-2,0	72,2	60,6	
Nipa barnehage	2021	7,2	5,6	-1,2	27,8	23,8	-5,0
	2022	5,5	6,2	0,7	26,2	24,2	
Gjelsvik barnehage	2021	6,6	4,4	-2,2	30,0	20,4	-9,6
	2022	6,0	5,9	-0,1	24,6	23,8	
Holmedal barnehage	2021	8,2	8,4	-0,2	33,6	34,6	1,0
	2022	9,0	9,5	0,5	36	39	
Bulandet barnehage	2021	5,5	4,8	-0,7	28,8	24,8	-4,0
	2022	4,8	4,6	-0,2	23	19,6	
SAMLA 2021	2021	42,1	34,9	-7,2	186,8	158,6	-28,2
SAMLA 2022	2022	40,0	38,9	-1,1	182	167,2	-14,8

\* I tillegg kjem 15 elevar på grunnskule for vaksne, om lag likt fordelt mellom Askvoll og Fjaler

Som det går fram av tale er elevtalet i skule nokså stabilt medan tal tilsette i skule aukar med 10% i same periode. Denne auken er delvis alt kome i 2021, og kjem i all hovudsak av tiltak for å fylgje opp ressurskrevjande einskildt tiltak i skule og for å busetje flyktningar. Tal plassar i barnehagane fylgjer eit meir likt mønster gjennom dei to åra, noko som betyr at vi også denne vinteren har ynskje frå fleire om å få barnehageplass utanom hovudopptak (likevel ikkje like mange som i fjar). Ein kan også merke seg at det ut frå innmeldt prognose vil vere om lag 10 fleire plassar i bruk hausten 2022 enn hausten 2021. Tal tilsette gjekk ikkje like mykje ned hausten 2021 som venta, dette både på grunn av fleire søkerar enn planlagt og tilrettelegging for å busetje flyktningar. Dessutan har ein i budsjett-framleggget for 2022 også gjort framlegg om styrke grunnbemanninga (sjå omtale nedanfor), noko som samla for alle barnehagane utgjer ein ein auke på 2 årsverk.

#### Grunnlag for avvik i 1. budsjettframlegg i høve gjeva ramma for 2022:

##### Ansvar 200

##### Oppvekstkontoret

Auka kostnader til drift av felles PPT-kontor (vel 300.000 kr), både sidan Askvoll sin del av det totale barne- og elevtalet i samarbeidskommunane aukar og fordi to kommunar (Masfjorden og Gulen) har gått ut av det interkommunale samarbeidet. Ein er i ferd med å tilpasse drifta til dette, men greier ikkje å kome ned på 2021-nivå før i 2023, sjå vedlegg 1. Dessutan

planlegg ein endring i driftsform for PPT (tilsvarande som for barnevernet) frå 01.01.2022, men dette vil ikkje ha konsekvensar for totalramma til tenesta.

Nivå på kjøp av tenester frå andre til å dekkje spesialpedagogisk hjelp til barn som ikkje går i eigne grunnskular (barn i fosterheim og på privat skule) er vidareført på same nivå, men her har vi fått signal om at utgiftene kan auke.

### **Ansvar 210-213 Skule, sfo og vaksenopplæring**

**Askvoll skule:** Det er først og fremst eit ressurskrevjande tiltak som vart starta opp i år som er grunnlag for at ramma til eininga aukar. Dette tiltaket må halde fram også i heile 2022, og sjølv om det vert redusert med 0,2 årsverk frå hausten vil det likevel gå 2,5 årsverk til dette tiltaket gjennom heile året. Skulen har også fleire andre ressurskrevjande einskildtiltak, men fleire av desse vert dekka inn med refusjon frå andre kommunar. Nye tiltak kjem også til, men desse vert stor sett fanga opp av at det også er tiltak som vert avslutta. I gjeldande økonomiplan var det lagt til grunn ein venta nedgang i etaten sine utgifter til busetjing av flyktningar sidan ein då ikkje hadde signal om mottak av nye. Dette har no endra seg, og som vedlegg 2 Grunnlagsdata – busetjing av flyktningar syner, vil skulen sine utgifter til dette føremålet både på grunnskule og vaksenopplæring vere om lag 500.000 høgre i 2022 enn i 2021.

**Atløy skule:** Også her er det først og fremst to svært ressurskrevjande tiltak som vart starta opp i år som er grunnlag for at ramma til eininga må aukast. Desse tiltaka må halde fram i heile 2022, og delvis aukast frå komande haust på grunn av elevsamsetjing og timetal på skule. Desse to tiltaka krev åleine mellom 4 og 5 årsverk fordelt på pedagogar og assistenter/fagarbeidrarar. Skule har også ekstra utgifter til SFO til styrka bemanning på grunn av brukar med særskilt behov. Elles går refusjon frå andre kommunar ned, men dette har si forklaring i at både tiltak og refusjon vert flytta over til annan skule frå hausten 2022. Dette forklarar også nedgangen i tal stillingar ved skulen.

**Bulandet skule:** Skulen melder frå om auka trong for ressursar både til spesialundervisning og generell styrking av opplæringa frå hausten 2022. Dette må framleis sjåast i samanheng med skulen sitt langsigktige arbeid med å betre læringsmiljøet, noko skulen i samarbeid med både PPT og høgskule har kome godt i gang med.

**Gjelsvik skule:** Sjølv om tal tilsette endrar seg lite ved skulen aukar likevel ramma med vel 600.000 kroner. Forklaringa på dette er bortfall av eit ressurskrevande tiltak med refusjon frå annan kommune samtidig med oppstart, og full årsverknad av eit nytt og like ressurskrevjande tiltak til eit barn frå eigen kommune. Dessutan har også Gjelsvik skule ekstra utgifter til SFO til styrka bemanning på grunn av brukar med særskilt behov.

### **Alle skulane:**

I budsjettet for 2021 vart midlar avsett til å dekkje meirutgifter ved vidareutdanning for lærarar redusert med 100.000 til 150.000, og ein legg opp til å vidareføre denne løyvinga på same nivå også i 2022 (ligg på ansvar 200 til seinare fordeling).

Ein går ut frå at kjøp av lærermiddel i høve til ny læreplan i 2020 ,2021 og 2022 får separat løyving frå disposisjonsfond, uavhengig av det vanlege driftsbudsjetten. Dette betyr at det vert løyvd 1,2 mill. frå disposisjonsfondet og teke ut i åra 2020-2022

Anvar 250 Kulturskule

I budsjettframlegget har ein lagt til grunn framhald av drifta på same nivå som i 2021. Det betyr at ein legg til grunn å halde fram med å kjøpe tenester til leiing av eininga frå kulturskulen i Hyllestad og Fjaler. Det er likevel eit utgreiingsarbeid på gang om framtidig organisering av tenesta (sjølvstendig, kjøp av tenester eller interkommunal løysing), og dette vonar ein å få ei politisk avklaring på innan utgangen av 2021. Uansett organisering er likevel føresetnaden at det må løysast innanfor eksisterande budsjettramme

**Ansvar 271-276**

**Røverompa barnehage:** Sjølv om det både er rekna med færre plassar og stillingar frå hausten 2022 går likevel ramma opp. Dette kjem delvis av at aktiviteten inneverande barnehageår er høgre enn forventa, både med fleire plassar i bruk og tiltak for å ta imot nye flyktingbarn, men også konsekvensen av å ta inn dei som står på venteliste frå nyttår utgjer ein ekstrakostnad. Dessutan utgjer tiltaket med styrka grunnbemanning for å dekkje inn planleggingstid for pedagogane her til ei styrking på vel 0,7 årsverk. Elles er tiltaket med tospråkleg assistent vidareført også for hausten 2022 på grunn av mottak av nye flyktingar (sjå vedlegg)

**Nipa barnehage:** Her er det ein relativ stor nedgang i høve budsjettet for 2021. Dette kjem først og fremst av stor nedgang i tal plassar og stillingar frå førre til inneverande barnehageår, noko ein no får ein årsverknad av i 2022. Likevel aukar grunnbemannninga også her litt på grunn av kompensasjon for planleggingstid, og barnehagestyrar vurderer at om ein skal auke oppatt dagleg opningstid til 10 timer (tilpassing til ferjeavgangar) vil det krevje 1 årsverk ekstra om tilbodet framleis skal vere pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg (sjå vedlegg 4). På årsbasis utgjer dette ei meirutgift på om lag 500.000, men i framlegget er dette lagt inn frå hausten 2022.

**Gjelsvik barnehage:** Auken i ramma kjem av eit nytt barn med trøng for mykje tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelpe. Lagt inn lønsressursar til 1 årsverk gjennom heile året. Elles same endringar som for dei andre barnehagane.

**Holmedal barnehage:** Auken i ramma her kjem både på grunn av trøng for tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp til fleire barn, styrka grunnbemannning og ein auke på 0,5 årsverk for å ta inn litt fleire barn (39 plassar) enn dei 36 plassane barnehagen er godkjend for frå hausten 2022. Arealmessig let dette seg gjere om barnehagemynde gir dispensasjon, og ei slik løysing kan fornuftig om alternativet er å utvide eller opprette ei ny avdeling i ein annan barnehage.

**Bulandet barnehage:** Auken her kjem først og fremst på grunn av styrking av grunnbemanningsa slik som i dei andre barnehagane.

## Alle barnehagane:

Det står per i dag 7 barn (13 plassar) på venteliste til barnehageplass frå nyttår, og desse er det teke høgde for å ta inn i budsjettframlegget. Desse kjem alle «på toppen» av tal plassar vi har per i dag sidan dei som vert tre år i 1. halvår held fram å telje for to plassar heilt fram til nytt barnehageår. Det vert såleis ikkje lenger frigjort nye plassar ved nyttår. Av same grunn vert nedgangen i tal plassar frå hausten kunstig høg. Om ingen på venteliste får plass før til hausten vil det samla sett om lag ikkje vere nedgang i tal plassar. Kostnad med å ta inn desse 13 ekstra plassane i vår utgjer om lag 700.000 kroner

Fleire nyttar seg av høve til å søkje om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid også her i kommunen, noko som per no gir eit inntektstap på ein stad mellom 2-300.000 kroner.

Frå 2018 fekk barnehagane nye normer/lovkrav både i høve bemanning og pedagogdekning i barnehagane, og sidan vi dei siste åra har satsa på å tilsetje to pedagogar per avdeling, er vi no godt innanfor dette lovkravet. Som ein fylgje av dette skal fleire ha avsett tid til planlegging (minimum 4 t/v per årsverk pedagog) utan at vi har greidd å auke stillingsressursen for å løyse dette. Resultatet vert at avdelinga må gå med ei bemanning som ligg under bemanningsnorma i ein større del av dagen, og ved sjukdom hjå dei tilsette må ein no ved einskilde høve be føresette om å hente borna sine tidlegare. Dette er ikkje ein haldbar situasjon for korkje tilsette, barn eller foreldre, og i framlegget til budsjett har ein denne gongen lagt inn ein kompensasjon for planleggingstida til pedagogane for å styrke grunnbemanninga noko på veg. Samla utgjer dette 2 årsverk med ein kostnad på vel 1 million kroner for heile året. Om ein ikkje set i gang tiltaket før frå nytt barnehageår hausten 2022 utgjer det då ein kostnad på om lag 400.000 kroner.

**Ansvär 280** **Bibliotek**

Her er det berre mindre endringar i ramma, så bibliotekdrifta vil i 2022 hovudsak halde fram uforandra. Vi har fått på plass ein bibliotekplan som gir retning for arbeidet i tenesta, men sidan kommunen i store deler av 2021 ikkje har hatt tilgjengeleg eit fysisk bibliotek (pga skader på bygningen), vil ein prioritere å få eksisterande tilbod oppatt å gå før ein går vidare med satsingane i vedteken plan.

## **2. budsjettframlegg i høve gjeva ramma for 2022**

I andre budsjettrundskriv frå rådmannen vart ramma til oppvekstetaten auka til 82.200.000 kroner, og framlegg til budsjett for Oppvekstetaten vert no lagt fram innanfor den nye totalramma. Skilnaden mellom det som var meldt inn i 1. budsjettrunde og den nye ramme er på om lag 4,5 millionar kroner. For å finne denne differansen har ein gjort følgjande tiltak som vert kommentert nærmare nedanfor:

Redusere tal undervisningspersonale med 3,4 årsverk	-2 239 500
Redusere tal tilsett i PPT	-300 000
Ikkje utvide opningstida i Nipa barnehage til 10 t per dag	-216 000
Ingen kompensasjon for planleggingstid i barnehagane	-1 133 700
Ikkje ta inn nye barn i barnehage gjennom b.hageår utan ved ledig kapasitet	-487 800
Redusere kommunale midlar til utgifter i samband med vidareutdanning	-110 000

## **Redusert tal undervisningspersonale**

Telemarksforskning skriv i sin analyserapport om oppvekst-området fylgjande:

*Dei innleiane analysane viser at grunnskulesektoren i Askvoll kommune peikar seg ut med eit høgare forbruk enn det dei økonomiske rammevilkåra skulle tilsei. Meirutgiftene er ikkje å finne på skulefritidstilbod, skulelokale og skuleskyss, men på «grunnskule» som omfattar dei andre utgiftene i grunnskulesektoren. Askvoll kommune har eit monaleg høgare utgiftsnivå samanlikna med KOSTRA-gruppe 4, Vestland og landet utan Oslo. Vi har hovudsakleg funne rom for å redusere kostnadane knytt til lærarårsvirk til ordinær undervisning.*

At Askvoll har eit høgare utgiftsnivå til grunnskule enn dei vi vert samanlikna med vert også stadfesta av talgrunnlaget ovanfor, henta frå KOSTRA. Til tross for at skulane i sine framlegg ikkje har lagt inn ekstra ressursbruk, anna enn det som kjem av endringar i klassestorleik og elevar med trond for tilrettelagt opplæring og spesialundervisning, har ein i endeleg framlegg til budsjett teke omsyn til tilrådingane frå Telemarksforskning. I framlegg til budsjett må ein på grunn av dei store økonomiske utfordringane i etaten gå endå lengre, og hardare til verks enn det rapporten tilrår. I denne er det lagt inn ein reduksjon på 4 årsverk i økonomiplan-perioden, medan vi no må redusere med om lag 3,5 årsverk alt frå 1.1.2022. Då tek vi om lag 25% av alle ressursane vi har til å styrke opplæringa ut over det å ha ein lærar per klasse, noko som mellom anna fører til at fleire årssteg må få felles undervisning saman også i kjernefaga (norsk, matematikk og engelsk), det vert mindre høve å tilby fleire valfag og store elevgrupper må i større grad gå saman sjølv om rom og utstyr ikkje er tilrettelagt for det. Det er også utfordrande å gjere slike store endringar midt i eit skuleår, men om ein ventar til hausten vil ein måtte redusere styrkingsressursen til eit heilt uforsvarleg nivå for å få til same innsparing.

## **Redusere tal tilsette i PPT**

Som det går fram av utgreiinga ovanfor har kostnader med drift av felles PPT-kontor auka, både sidan Askvoll sin del av det totale barne- og elevtalet i samarbeidskommunane aukar og fordi to kommunar (Masfjorden og Gulen) har gått ut av det interkommunale samarbeidet. Ein er i ferd med å tilpasse drifta til dette, men det interkommunale fagrådet var samde om at det ikkje var forsvarleg å kome ned att på 2021-nivå før i 2023, sjå vedlegg. I 2. budjettrundskriv er dette området likevel peika på som som eit konkret innsparingstiltak og dette er det teke omsyn til framlegget som no ligg føre. Ein vil då i PPT gå frå 9 fagstillingar i dag til 6 i 2022 (1 stilling føl over til nytt samarbeid i Fensfjord-området, 1 vakant stilling vart ikkje tilsett i og 1 stilling må seiast opp) som skal serve dei fem attverande kommunane i samarbeidet. Dette vil føre til ein svært utfordrande situasjon både for PP-tenesta sjølv og for barnehagar og skular som skal få råd/rekkeleiing av tenesta, og ikkje minst vil det nok føre til lengre ventetid for einskildborn og -elevar for å bli utgreidd og få ei sakkunnig vurdering. Den føreslegne innsparinga kan også få konsekvensar for den planlagde endringa i driftsform for PPT (tilsvarande som for barnevernet) som var tenkt å gjelde frå 01.01.2022.

## **Ikkje utvide opningstida i Nipa barnehage til 10 t per dag**

For nokre år sidan vart opningstidene ved Nipa barnehage på Atløy auka til 10 timer per dag for å gje dei føresette større fleksibilitet i høve hente- og bringetider tilpassa ferjeavgangane til og frå fastlandet. Den første tida var tilboden mykje brukt, men etterspurnaden har etter kvart minka. Når korona-utbrotet sette avgrensingar i organisering av barnehagekveldagen såg barnehagen seg nøydd til å redusere dagleg opningstid til 9 timer. På grunn av nedgang i barnetal har også tal tilsette vorte svært mykje redusert siste år, noko som også gjer det uråd å

gjenopprette eit 10-timerstilbod utan at dette krev ekstra bemanning. Barnehagestyra vurderer at om ein skal auke oppatt dagleg opningstid til 10 timer vil det krevje 1 årsverk ekstra om tilboden framleis skal vere pedagogisk og tryggleiks-messig forsvarleg (sjå vedlegg). På årsbasis utgjer dette ei meirutgift på om lag 500.000 kroner. Barnehagen har dette haust prøvd å gje tilbod om ein dag med 10 timars opningstid, men tilboden har vore lite brukt. Sjølv om ein har forståing for dei føresette sitt ynskje om at tilboden med 10 timars opningstid kjem på plass att (syner her til vedlagde brev frå FAU ved Nipa barnehage), finn ein i den vanskelege økonomiske situasjonen som etaten står i å kunne prioritere ei utviding av opningstida i barnehagen.

### **Ingen kompensasjon for planleggingstid i barnehagane**

Som det går fram av KOSTRA-statistikken ovanfor er kostnadane våre til barnehagedrift lågare enn alle vi samanliknar oss med, og dette til tross for at vi har mange små einingar. Som nemnt ved fleire hove så greier vi dette ved å ha ei svært stram grunnbemanning, m.a. ved ikkje å kompensere med ekstra personell i tida pedagogane har planlegging. Resultatet vert ein stadig større del av dagen der bemanninga er under norma i lovverket, noko som både pressar dei tilsette, kan redusere kvaliteten på tilboden og til tider fører til at vi ikkje har nok bemanning til å oppretthalde tilboden heile dagen. Dette er ein situasjon som ein ikkje har godt av å vere i over tid, noko eit høgt sjukefråvær også tyder på. Både dei føresette (sjå vedlagde referat frå samarbeidsutvalet i Røverompa – sak 3) og dei tilsette sine organisasjoner har engasjert seg i dette spørsmålet. I 1. budsjettframlegget la ein difor inn ein kompensasjon for planleggingstida til pedagogane for å styrke grunnbemanninga noko på veg. Samla utgjer dette 2 årsverk med ein kostnad på vel 1 million kroner for heile året. Om ein ikkje set i gang tiltaket før frå nytt barnehageår hausten 2022 utgjer det då ein kostnad på om lag 400.000 kroner. Med eit stor innsparingskrav frå første til andre budsjettrunde har ein dessverre ikkje funne rom for å styrke bemanninga i det heile.

### **Ikkje ta inn nye barn i barnehage gjennom barnehageår utan ved ledig kapasitet**

I Askvoll kommune har ein hovudopptak ein gong per år (1. mars) der alle som har rett til barnehageplass (fødd innan 1. desember året før) får tilbod om dette frå nytt barnehageår. Ut over dette har ein hatt løpende opptak når det har vore kapasitet til å ta inn fleire barn, men sidan lønsbudsjettet til den einskilde barnehage er svært tilpassa tal barn, er det i realiteten berre ledig plass om nokon sluttar. Fram til for nokre år sidan talde dei som fylte 3 år i 1. halvår berre for ein plass frå nyttår, medan dei no tel for to plassar gjennom heile barnehageåret. Det vert av den grunn ikkje lengre frigjort plassar frå 01.01., og ein har såleis ikkje lengre ledig kapasitet til å ta inn dei som av ulike grunner har valt å vente med søkje om plass/oppstart i barnehagen. I samband med budsjethandsamingane dei siste åra har ein funne rom for å auka ramma til barnehagedrift slik at ein ved nyttår kunne ta inn dei som søkte utanom hovudopptak. I første budsjettrunde la ein difor inn føresetnaden om at alle som ynskjer plass (primært frå nyttår) skulle få dette. Ved første gjennomgang såg dette ut til å gjelde 7-8 barn og ei ekstra utgift for våren 2022 på om lag 700.000 kroner. Etter ein ny gjennomgang der ein har greidd å gje nokre av desse barna ein barnehageplass innanfor eksisterande stillingsramme, står ein att med 4-5 barn som ikkje får plass før til hausten med ein ekstrakostnad for våren på om lag 490.000 kroner. Dette har ein ikkje funne rom for å kunne gjennomføre innanfor den endelige budsjettramma til etaten.

### **Redusere kommunale midlar til utgifter i samband med vidareutdanning**


I første budsjettframlegg låg det inne 150.000 kroner til å dekke kommunen sine utgifter i samband med vidareutdanning for lærarar, Dette er på same nivå som i 2021 etter at denne posten var redusert med 100.000 kroner frå året før. I det endelige framlegget som no ligg

føre er dette redusert til berre 40.000 kroner – ei innsparing på 110.000 kroner. I dei siste åra har vi hatt om lag 10 tilsette som årleg har teke vidareutdanning med støtte (stipend eller vikarmidlar) frå staten, der vi forpliktar oss til å dekkje utgifter til litteratur, reise og opphald. Med ein så kraftig reduksjon som vi legg opp til i det endelege budsjettframlegget vil det ikkje vere rom for å halde fram med å tilby like mange tilsette vidareutdanning som før.

Budsjettet som no vert lagt fram frå Oppvekstetaten for 2022 er realistisk, men ein er likevel usikker på om det kan få karakteristikken «forsvarleg». Det gjeld i særleg grad framlegga om reduksjon i tal stillingar både til grunnskuledrift og i PPT alt frå starten av 2022. Å fordelt desse kutta over eit par år ville ha letta situasjonen i desse tenestene, og ein hadde fått meir tid på å tilpasse seg ein ny ressurssituasjon. No må ein på svært kort tid, og midt i eit skuleår, redusere tal stilling og gjere til dels omfattande endringar i drifta. Å heller ikkje kunne styrke grunnbemanninga i barnehagane komande år vil kunne bli svært krevjande særleg for dei som arbeider i tenesta, men også for brukarane ved at dei framleis vil oppleve at vi ikkje til ei kvar tid greier å levere dei tenestene som vi har forplikta oss til. Med eit så stramt budsjettframlegg som vi no legg opp til er det truleg heller ikkje rom for å gå vidare med organisasjonsendringane vi har starta førebuingane av, l både innan PPT og når det gjeld eit meir omfattande samarbeid med nabokommunar om kulturskuletilbodet.

## Økonomiplan 2022 – 2025

### 1. Endringar i barnehage- og grunnskuledrifta



Som vi ser av grafane om barnetalsutviklinga 0-5 år i perioden 2011-2020 og elevtalsutviklinga 6-15 utover i økonomiplanperioden, vil etter kvart den reduksjonen vi har hatt i barnetal 0-5 år frå 2017 vil no ta til å påverke utviklinga i elevtalet på skulane. Utan tilflytting i perioden vil ein i 2026 ha 40 færre elevar i grunnskulen, noko som tilsvarar om lag eitt årskull med elevar. Om nedgangen også vil halde fram i barnehage veit ein ikkje, men tal fødde per år er nokså stabilt. Det er såleis framtidig tilflytting om vil vere avgjerande for den vidare utviklinga både der, og ikkje minst i skulen.

Slik tala syner vil det difor i økonomiperioden vere grunnlag for å ta ned omfanget av grunnskuledrifta i det omfang som Telemarkforskning tilrar i sin rapport. Vi må også føresette at dei omfattande tiltaka vi har i verksett overfor einskildelevar no i 2021, og med full verknad i 2022, vil verke slik at desse gradvis kan trappast ned gjennom økonomiplan-perioden. Det som er utfordrande no, er at den ressursbruken som desse tiltaka krev fører til at vi raskt må føreta nokså drastiske nedskjeringar i fleire av tenestene vår, noko som også er omtala ovanfor. Det vil heller ikkje vere rom for å

omdisponere ressursar til andre tiltak i etaten som har vore omtala i tidlegare framlegg til økonomiplanar, og som vert gjentekne nedanfor.

Sett frå etaten si side er einaste høve ein har til å få gjennomført desse tiltaka, som både samla og kvar for seg er heilt naudsynte å få gjort noko med, er å finne i endringar av dei strukturane vi har innanfor barnehage og skule. Ein tilrår difor at det vert sett i gang eit arbeid for å utgreie dette.

## **2. Styrka grunnbemanning i barnehagane**

Som nemnt ved fleire høve så gjer ei svært stram grunnbemanning, m.a. ved ikkje å kompensere med ekstra personell i tida pedagogane har planlegging, at utgiftene våre til barneahgedrift er lågare enn dei vi samanliknar oss med. Fylgjene av dette vert ein stadig større del av dagen der bemanninga er under norma i lovverket, noko som både pressar dei tilsette, kan redusere kvaliteten på tilbodet og tilbodet til brukarane. Dette er ein situasjon som ein ikkje har godt av å vere i over tid, noko eit høgt sjukefråvær også tyder på. Som nemnt ovanfor i budsjettframlegget for 2022 har ein ikkje funne rom for å styrke bemanninga for å kompensere for dette, og om rammene til etaten vert slik framover som tidlegare økonomiplanar har lagt opp til, vil det heller ikkje vere rom for å gjere noko med dette i denne økonomiplanperioden.

## **3. Busetjing av flyktningar**

Sidan det no ser ut til at kommunen framleis får ei rolle i å motta og busetje flyktingar er føresetnaden i økonomiplan-framlegget frå førre år om ei gradvis nedtrapping av utgiftene til dette føremålet i etaten ikkje lenger gjeldande. Ein må såleis rekne med at utgiftene til føremålet vil halde seg på om lag same nivå i økonomiplan-perioden, og at ein får tilført ressursar til å gjennomføre dette.

## **4. Fornying av læremiddel.**

Her syner ein til det som vedteke i samband med handsaming av budsjettet for 2020 om finansiering av dette tiltaket. Ein går såleis ut frå at kjøp av læremiddel i samband med innføring av nye læreplanar frå 2020 får separat løying frå disposisjonsfond i perioden 2020-22, uavhengig av det vanlege driftsbudsjettet. Dette betyr at det vert løyvd 1,2 mill. frå disposisjonsfondet og teke ut i åra 2020, 2021 og 2022.

## **5. Vedlikehald av nærmiljøanlegg**

I samband med søknad om tippe midlar til etablering av nærmiljøanlegg slik ein no har fått på plass både på Atløy, i Gjelsvik og på Askvoll, må ein forplikte seg i høve vedlikehald av desse. På Atløy rekna ein dette til ei årleg utgift per anlegg på om lag 25.000 kr. Etter kvart som fleire av desse anlegga vert etablert må ein difor setje av midlar til årleg vedlikehald, men det er ikkje plass til dette innanfor gjeldande økonomiplanrammer.

## **6. Utvikling av bibliotektenesta**

Her vil det vere satsingsområda i kommunal bibliotekplan for perioden 2020-2023 som vil vere retningsgivande for prioritering og ressursbruk i økonomiplanperioden. Med dagens økonomiplanrammer til etaten er det lite grunnlag for å kunne få gjennomført tiltaka i denne.

## **Investeringsbudsjett 2022 - 2025**

For investeringa som knyter seg til barnehage- og skulebygg syner ein i hovudsak til framlegg frå Bygg- og egedomsavdelinga, og til Sentraladministrasjonen når det gjeld IKT-investeringar til infrastruktur i bygga og utstyr til tilsette. Etaten sin eigen investeringstrong knyter seg elles først og fremst til inventar og utstyr i bygningane og på leikeplassane og til IKT-investeringar som er knytt til barn og unge i barnehage og skule.

### **1. Eit digitale løft i barneskulen og berbart utstyr til elevane på ungdomsskulen**

Her syner ein også til punkt 4 i økonomiplanen om fornying av lærermiddel i samband med innføring av nytt læreplanverk i 2020. Berbart digitalt utstyr til alle ungdomsskuleelevar og eit digitalt løft på barnesteget må løysast i same perioden ved å setje av ein årleg sum i investeringsbudsjettet til det føremålet. Å utstyre alle nye 8.klassingar med berbart digitalt utstyr krev åleine ei fast investering i åra framover på 3-400.000 kroner. I tillegg skal ein halde fram med eit digitalt løft også på barnesteget, og ein må etter kvart også fornye utstyr som vert for gamalt. Ein treng difor på same måte som ein gjer i sentraladministrasjonen å setje av ein fast årleg sum til IKT-investeringar knytt til digitalisering i opplæringa.

**Investeringstrong:**

<b>2022:</b>	<b>500.000 kroner</b>
<b>2023:</b>	<b>500.000 kroner</b>
<b>2024:</b>	<b>500.000 kroner</b>
<b>2025:</b>	<b>500.000 kroner</b>

### **2. Utvikling av skulane sine uteområder – nærmiljøanlegg til fysisk aktivitet**

Etter initiativ frå idrettskonsulenten i Sogn og Fjordane fylkeskommune og prosjektet «Teikn ditt skuleområde» og framifrå oppfylging av sakshandsamar hos rådmannen, vart det i 2017 sett i gang eit omfattande arbeid med mange partar engasjert, i det å utvikle nærmiljøanlegg på uteområda til fleire av skulane, der målet er å gjere desse meir attraktive for variert fysisk aktivitet.

Slike anlegg er også prioritert å få på plass i kommunen sin vedtekne plan for fysisk aktivitet og idrett. I to av grondene (Atløy og Gjelsvik) har ein no med stor engasjement og innsats enten ferdigstilt, eller er i ferd med å fullføre dei planlagde nærmiljøanlegga. Finansieringa er tredelt, med private midlar/dugnad, statlege tippemidlar (som må forskotterast av kommunen) og eit kommunalt tilskot. Vidare må det i kommunen sitt driftsbudsjett setjast av midlar til vedlikehald av desse anlegga framover, tilsvarende 25.000 kr årleg per anlegg (sjå økonomiplan ovanfor)

På Askvoll skule er ein i gang med eit tilsvarende arbeid i ein plan som må strekkje seg over nokre år (sjå oversikt nedanfor).

INVESTERINGPLAN 2021-2024 - NÆRMILJØANLEGG ved Askvoll skule																
Anlegg	Tot inv.	Finansiering														
		Totalt			2021			2022			2023			2024		
NÆRMILJØANLEGG		KM	SM	PM	KM	SM	PM	KM	SM	PM	KM	SM	PM	KM	SM	PM
<b>1 Klatrepark ved Askvoll skule</b>	<b>786</b>	424	325	37	424	325	37									
<b>2 Trampolinepark Askvoll skule</b>	<b>447</b>	203	223	21	203	223	21									
<b>3 Akebakke</b>	<b>1250</b>	450	300	500				450	300	500						
Multisportbane og ballfangenet, <b>4 pumptrack</b>	<b>1500</b>	600	600	300							600	600	300			
Trampoline x2, rampline, balanseballar, <b>5 Amfi, Benkar</b>	<b>1500</b>	300	200	1000										300	200	1000
<b>Sum nærmiljøanlegg</b>	<b>5483</b>	<b>1977</b>	<b>1648</b>	<b>1858</b>	<b>627</b>	<b>548</b>	<b>58</b>	<b>450</b>	<b>300</b>	<b>500</b>	<b>600</b>	<b>600</b>	<b>300</b>	<b>300</b>	<b>200</b>	<b>1000</b>
ALLE TALL I HEILE TUSEN og inkl. mva																
KM = kommunale midlar		SM= spelemidlar			PM = private midlar											

I 2020 søkte ein og fått godkjent spelemiddelsøknader på anlegg 1 og 2. Anlegg 1 var i investeringsbudsjettet sett til gjennomføring i 2020, men ut frå at dette anleggsmessig måtte gjennomførast i samanheng med anlegg 2, er desse no gjennomført i 2021. Den totale tronen for investeringar i resten av perioden om ein skal halde framdrifta ovanfor vert då slik:

**Investeringstrong:**      **2022: 1.250.000 kroner**  
                                 **2023: 1.500.000 kroner**  
                                 **2024: 1.500.000 kroner**

## **1. IKT i barnehage**

Skal barnehagane få til eit løft i høve infrastruktur, utstyr og bruk av digitale verktøy, vil ein i svært liten grad kunne greie dette innanfor dagens driftsbudsjett som er svært små. Som ein del av innføringa av nytt digitalt fagsystem for barnehagane, *Visma Flyt Barnehage*, legg ein også opp til at administrering av barn (m.a. inn- og utsjekk, fråvær, allergiar og matresevasjonar, og seinare også kommunikasjon mellom barnehage og føresette), vil bli gjort via den tilhøyrande appen *Min Barnehage – ansatt*. Det er difor heilt naudsynt å starte ei IKT-satsing i barnehage, og ta dette som ei IKT-investering, noko tilsvarande som ein også vil gjere i skulane våre. I barnehagane vil det i endå større grad vere snakk om å ta i bruk mobile einingar (t.d. nettbrett og anna bærbart utstyr) framfor stasjonære maskiner. I 2021 får ein på plass ein IKT-infrastruktur i bygga med trådlause aksesspunkt (kostnad om lag 200.000 kroner for alle bygga). Framover må ein utstyre dei pedagogiske leiarane med arbeidsverktøy både til planlegging og bruk ute i avdelingane, samt ulike digitale verktøy (nettbrett, kamera, digitale mikroskop osv) til å støtte opp om barns læreprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanens føringer for et rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Ein gjer difor i denne omgang framlegg om ei årleg ramme i perioden på 100.000 kroner til investeringar knytt til dette formålet. Ein vil i løpet av 2022 også få utarbeidd ein ITK-plan for barnehagane slik at ein framover har eit enno betre grunnlag for omfang av investeringar på dette området.

**Investeringstrong:**      **2022-2025: 100.000 kroner (årleg)**

## **2. Oppgradering av uteområder i barnehagane**

Frå fleire barnehagar har det vore meldt attende om leike-/uteområder rundt bygningane som treng oppgradering. Dette gjeld m.a. utskifting av gamle leikeapparat, fallunderlag og fjerning av vegitasjon. Kvart einskild tiltak er for lite til å kome innanfor rammene for investering, men er for store til å få si løysing gjennom driftsbudsjettet. Det vart difor i økonomiplan for 2018-2021 sett av årlege midlar i 3 år til eit fellesprosjekt der ein skulle ta ein gjennomgang av tilstanden i barnehagane, med påfylgjande oppgradering av leike-/uteområda i barnehagane våre. Når denne perioden no går mot slutten ser ein at det framleis står att fleire tiltak som må gjerast for at vi verkeleg kan seie at barnehagane har fått eit oppgradert uteområde. Ein tilrår difor at det også for 2022 og 2023 vert sett av ein årleg sum på 500.000 kroner til å slutføre dette arbeidet.

**Investeringstrong**  
                                 **2022: 500.000 kroner**  
                                 **2023: 500.000 kroner**

### **3. Møblar til vestibylen ved Askvoll skule**

Vestibylen er eit fellesrom for elevane ved skulen. Det vert også nytta til ulike arrangement på kveldstid og i helgene. I dag er det fire bord med stoler i rommet. Stolane er ikkje eigna til elevbruk og blir øydelagt ein for ein. I tillegg avgjer møblane svært mykje støy. Vi har elevar som ikkje kan vere i rommet på grunn av dette. «Mjuke» møblar/inventar vil redusere støyen, samt gje elevane eit trivelegare miljø. Det vart ikkje funne rom for dette tiltaket i 2021, men sett opp i 2022.

**Investeringstrong                    2022: 130.000 kroner**

### **4. Barnehage i Askvoll sentrum**

Strukturplan for barnehagar vart vedteken i kommunestyret i sak 031/17, med vedtak om å bygge ny 6-avdelingsbarnehage i Askvoll sentrum og fornye Holmedal barnehage. Etter det gjekk trangen for barnehageplassar i Askvoll sentrum noko ned, og i K-sak 65/18 vart det vedteke å bygge ny barnehage med 5 avdelingar lokalisert til Prestemarka.

Ein er no komen i gang med reguleringsplanarbeidet for den delen av Prestemarka kor barnehagen er tenkt plassert og har også starta opp planlegging av sjølve barnehagebygget. Dette skal ha areal til 4 avdelingar + serviceområde for den 5 avdelinga som er ute (Maurtua). Framdriftsplan legg opp til byggjestart hausten 2022 og med ferdigstilling hausten 2023.

Askvoll, 5. november 2021

Kristen Holt  
Kommunalsjef for oppvekst

### **3.3 NAV**

#### **Kommentar til budsjettframlegg 2022 - Ansvar 355 – NAV**

**Tildelt ramme kr 5 600 000**

##### **Generell kommentar:**

NAV sitt framlegg til budsjett for 2022 ligg innafor tildelt ramme etter andre budsjettrunde. Lønskostnadane utgjer totalt kr 2 339 000,- . Resten skal dekke kontordrift og lisensar, utgifter til tilsette, overføringer til Krisesenteret, økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsprogram. Utover lønskostnadane er det utgifter til økonomisk stønad som utgjer den største posten i budsjettet. Kostnad til lisensar og SvarUt har auka på grunn av digitalisering av søknader på økonomisk sosialhjelp.

Teneste for rus ( 24300) er avslutta og overført til helse-og omsorg med verknad frå 01.01.22. Miljøarbeidar i 20% stilling er overført i tillegg til 30 % stillingressurs.

##### **Kommentar til kvar teneste:**

###### **Teneste 12010 - Administrativ leiing**

Leiar er statleg tilsett og kommunen refunderer 50 % av lønsutgiftene inkl. arbeidsgjevaravgift og pensjonsutgifter til stat.

###### **Teneste 24200 - Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid**

I dette tenesteområde ligg løna, arbeidsgjevaravgifta og pensjonskostnadene til kommunalt tilsette på NAV-kontoret. Overføringer til Krisesenteret er berekna til kr 315 000,- . Dei andre postane er til opplæring, kurs, reiser og andre tiltak retta mot dei tilsette.

###### **Teneste 24250 – Sosialkontor**

Utgifter til kontordrift vert fordelt mellom stat og kommune. Innkjøpa skjer på statleg avtale og kommunen dekker 54% etter krav frå stat. Lønsutgifter til reinhaldar er og ført på denne tenesta. Reinhaldar er kommunalt tilsett og stat refunderar 46% av kostnadane.

###### **Teneste 27600 - Kvalifiseringsprogrammet (KVP)**

Det er budsjettert med gjennomsnittleg 1,5 deltarar i kvalifiseringsprogram for 2022. Det er to program som er avslutta i 2021. Den eine gjekk over i lønna arbeid, og den andre over på statleg stønad. Vi planlegg oppstart av to ny program i 2022. I følgje tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet er det forventa at Askvoll kommune gjennomsnittleg skal ha 2,8 deltarar i KVP. Kvalifiseringsordninga er eit viktig tiltak mot fattigdom, og ei kommunal ordning i NAV. Ordninga er aktuell for dei som har sosialstønad som einaste inntekt og som treng kvalifisering for å kome i arbeid.

###### **Teneste 28100 - Ytelse til livsopphald**

Budsjettet for 2022 er redusert i høve 2021. Vi har hatt lågare kostnad på denne tenesta i 2021 enn budsjettet, og det vert budsjettet i samsvar med dette for 2022. Tal saker og utbetalingar har vore relativt høgt over fleire år, men vi ser no at auka arbeidsinnsats på området har gjeve resultat.

**Teneste 28110 - Ytelse til livsopphald (flyktning)**

Tenesta omfattar kostnader til økonomisk sosialhjelp til flyktningar. Behovet er usikkert, og avheng av om kommunen skal busetje fleire flyktningar. Det vil og påverke korleis dei som alt er busette klarar seg med eiga inntekt eller ikkje.

**Tenestene - 28322 og 282300 -Tilskot til etablering/ utbetring og bustøtte:**

Frå 2020 får vi ikkje tildelt midlar frå Husbanken til vidare fordeling. Det er budsjettert med kr 300 000,-. Kr 200 000 av desse tek vi frå oppsparte midlar, bunde fond.

**Økonomiplan 2022 - 2025:****1. Startlån**

Oppnak lån i Husbanken til startlån med kr 3 000 000,- årleg.

## **3.4 Barnevern**

### **HAFS interkommunale barnevernteneste - ASKVOLL**

#### **Statusrapport**

Tenesta har 6 stillingar for sakshandsaming, inkludert leiar. I tillegg kjem 2,5 stillingar for arbeid med tiltak i heimen.

Det er tilsett fagutdanna i alle stillingane på noverande tidspunkt. 0,5 stilling som står ledig vert nytta mellombels til merkantil.

#### **Budsjettframlegg**

Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjettframlegg 2022
6 153 254	5 998 000	7 081 474

#### **Budsjetterte tiltak og aktivitetar**

Som tidlegare er det budsjettert med drift i noverande stillingar og tiltak som er sett i verk og planlagt for 2022 i noverande barnevernsaker.

Det er teke vekk forslag om å auke merkantil stilling.

Frå 01.01.2022 får kommunane auka betalingsansvar for tiltak og stillingar i barneverntenesta. Øyremerka tilskot til stillingar i kommunen fell vekk, noko som for HAFS sin del betyr ein reduksjon i inntekter på om lag 1 600 000 kr. Det vil vere ei overgangsordning der kommunane får kompensert noko for dette gjennom overføring av midlar som ikkje er øyremerkt barnevernet. Desse midlane gjeld både stillingar og auka betalingsansvar for tiltak i barnevernet, og skal såleis gjelde både drift og tiltaksbudsjett. Eg har ikkje lagt inn dei 1,3 mill. som staten skriv skal kome over ramma til Askvoll – sidan det ikkje er avtala at dette skal inn på barneverntenesta sitt budsjett.

Det er ei auke i budsjettet som no vert levert. Dette gjeld i hovudsak dei midlane som fell vekk i overføringer til barneverntenesta, samt ei betydeleg auke i betaling for statlege barneverntiltak som fosterheim og institusjon. Sidan Askvoll har slike tiltak, vil dette ramme økonomien. Det er lagt inn ein reduksjon i 2.framlegg då det er kome fram at nokre statlege tiltak som er inngått før 01.01.22 skal halde fram med dagens satsar ut 2022.

#### **ØKONOMIPLAN**

I kommunen sin økonomiplan ligg det 6 000 000 kroner i budsjett for barneverntenesta for samtlege år i planen. Slik stoda er no med auke i kostnader grunna barnevernreforma vil ikkje vi greie å halde denne planen. I Askvoll har vi fleire kostnadskrevjande tiltak som er råka av reforma. Overgangsordning er planlagt for 2022-2023. Då kan det sjå ut at vi vil ligge på ca 7 000 000 i 2022, 7 400 000 i 2023. Etter dette er det vanskeleg å estimere korleis budsjettet vil sjå ut.

#### **Oversikt over tiltak som ikkje er budsjetterte**

Det er ikkje budsjettert med tiltak som kan vere naudsynt på grunn av behov ein ikkje er kjent med per i dag i noverande saker, i tillegg til tiltak som vil vere naudsynt i eventuelle nye saker.

Silje Myklebust  
Leiar HAFS barnevernteneste

### **3.5 Helse og omsorg**

#### **Budsjettframlegg 2 for 2021 frå helse- og omsorgsetaten.**



#### **Organisering avhelse- og omsorgsetaten :**

Eining	Ansvar	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette
<b>Administrasjon</b>	400	Stein Helle	3,9	6
<b>Helse</b>	410	Olaug Søreide	13,9	21
<b>Heimetenesta</b>	420	Lillian Vårdal	22,2	38
<b>Bu- og miljøtenesta</b>	430	Malene Helle	20,7	28
<b>Askv. Omsorgssenter 1</b>	440	Merete Kirketeig	29,5	44
<b>Askv. Omsorgssenter2</b>	450	Sara Osland	41,3	59
<b>Totalt</b>			131,5	196

- Per 01.10.21
- Etaten har i tillegg rundt 50 støttekontaktar.

### **Konsekvensar for helse og omsorg, 2. ramme:**

I budsjetttrundskriv nr 1 frå rådmannen var helse og omsorg tildelt ei ramme på kr 102 013 000,-. Innmeldt behov frå Helse og omsorg var kr 1 980 000,- over 1. ramme.

### **Rådmannen sine endringar i forhold til første tildelte ramme :**

Helse- og omsorgsetaten:

Tildelt ramme i økonomiplan	kr. 102 013 000,-
Innmeldt ramme	kr. 103 993 000,-

### **Helse og omsorg**

Reduksjon på 1,45 mill. kr i innmeldt behov:

Ambulansebåt reduksjon	0,2 mill. kr
Redusere kjøkkenet	0,6 mill. kr
Demenskoordinator	0,15 mill. kr
Generell innsparing	0,5 mill. kr
Reduksjon	1,45 mill. kr

Auka grunnbemanning ved Solstova/Rask vert «veksla inn» mot reduksjon i bruk av vikar og andre utgifter knytt til sjukefråvær på etaten.

Ny nettoramme for 2022 kr. 102 544 000,-

- Helse- og omsorgsetaten har redusert budsjett frå 1. innmeldte ramme til endeleg ramme med 1 450 000,-.
- Helse- og omsorgsetaten får auka sitt budsjett frå opprinnelig ramme til 2. ramme 2022 med **kr 431 000,-**.

### **Forslaga frå Rådmannen er iverksett i Helse og omsorg sitt forslag til 2. ramme for budsjett 2022.**

### **Budsjettframlegget slik det ligg føre er vidareføring av dagens drift med fylgjande endringar :**

### **Ansvar 400 : Administrasjon**

#### **Brukarbetaling :**

- Har auka brukarbetaling med kr 640 000,- i forhold til budsjett 2021.  
All brukarbetaling som vert regulert av Askvoll kommune vert auka med 2 %, viss ikkje anna er nemnt.

#### **Refusjon ressurskrevjande brukarar :**

- Har auka refusjon med kr 2,1 mill. i forhold til 2021- budsjettet.

#### **Teneste 23402, tryggleiksalarmer :**

- Har auka betaling per md. med kr 20,-, frå kr 300,- til kr 320,- per md.utan brannalarm
- Kr 50 000,- i auka utgifter, for betaling av leige for tryggleiksalarmer

**Ansvar 400 får kr 2 898 000,- meir til disposisjon i forhold til revidert budsjett 2021.**

### **Ansvar 410 : Helse**

- Helsestasjon får vidareført 60% stilling som helsesjukepleiar i 2 års engasjement for 2022.  
Stillinga vert i si heilheit dekka av tilskot frå Helsedirektoratet.
- Psykolog 50% stilling vert vidareført

**Seksjon Helse får ca. kr 100 000,- i reduserte utgifter i 2022 i forhold til rev. budsjett 2021.**  
**Dette kjem som utslag av reduserte kostnadar knytt til Korona.**

### **Ansvar 420 : Heimetenesta**

- Vidareføring av heimetenesta sine funksjonar, med tillegg av ei auka sjukepleiestilling på 18% og ei helgestilling på 10% for å få dekning i turnus.

**Heimetenesta får ca. kr 23 000,- i auka utgifter i forhold til rev. budsjett 2021.**  
**Dette kjem av naudsynt auke i stillingar, for å få nok personell på alle vakter.**

### **Ansvar 430 : Bu- og miljøtenesta**

- Tatt vekk 77% fast stilling som støttekontakt.
- Skyss av brukar til aktivitetssenteret frå heimen, tidl. kostnad kr 180 000,- tatt vekk frå mars, reduksjon kr 140 000,-
- Leige av lokale og grunn: Hall ved Austlid – kostnad tatt vekk, leigeavtale er sagt opp grunna endra behov, reduksjon kr 120 000,-
- Kjøp av tenester frå fylkeskommunen: Kjøp av 5 plassar på Vevang dagsenter.  
Auka kostnad kr 200 000,- grunna 2 nye plassar(60% + 60%).
- Auke med 1,8 stilling relatert til nye PU bustadar.  
Vi bereknar innflytting av 3 stk brukarar iløpet 1.halvår i 2022
- Redusert 1 omsorgsstønad frå 50% til 25%, og 1 stønad er fjerna frå 01.02.22.  
Løn omsorgsstønad er redusert med kr 130 000,-

**Bu- og miljøtenesta får kr 177 000,- i auka utgifter i forhold til rev. budsjett 2021.**

### **Ansvar 440 Askvoll omsorgssenter 1 (Askvollheimen)**

- 1,8 nye årsverk knytt til drift av legevaktsatelitt fram til 01.06.22
- 50% ny stilling ved reinhald på Askvollheimen, ny reinhaldsplanned

**Ansvar 440 får kr 417 000,- i auka utgifter i forhold til rev. budsjett 2021.**

### **Ansvar 450 Askvoll omsorgssenter 2 (Askvollheimen)**

- Redusert kjøkken Askvollheimen frå 7-dagars drift til 5-dagars drift. Det betyr at ein går tilbake frå Kok-server 7 dagar i veka til Kok – server 5 dagar i veka, med kok-kjøl knytt til helg. Dette inneber at dei som er heimebuande får utkøyrt middag på

fredagane, som seinare må varmast oppatt.

- Reduksjon frå 7-dagars drift til 5-dagars drift inneber ei innsparing på kr 600 000,- per år. Innsparinga vil for 2022 innebere ei reell innsparing på kr 450 000,-. Det er reduksjon på kokkestillinga på 0,8 % årsverk og sjåførar 0,2 årsverk.
- Auka grunnbemanning ved gruppe Solstova/Rask; gruppa får auke grunnbemanninga med 1 dagvakt og ei seinvakt, tilsaman 2,8 årsverk.

Ansvar 450 får kr 1 729 000,- i redusert utgifter i forhold til rev. budsjett 2021.

- I budsjettrundskriv 2, ber rådmannen helse- og omsorgsetaten om å redusere kr 500 000,- frå innmeldt behov 1 runde i budsjettprosessen.
- Reduksjonane er nokolunde likt fordelt utover dei ulike einingane.

#### Institusjon – Askvollheimen:



Ved Askvollheimen er det budsjettert med drift av 48 plassar;

28 plassar i institusjon og 20 plassar i bufellesskap. Omsorgsetaten har i 2012 - 2017 hatt nokså konstant "overbelegg". 2018 var prega av svært mange dødsfall ved Askvollheimen, 2019 og 2020 var unormalt lite pasientar ved Askvollheimen. I 2021 er ein «tilbake» med overbelegg jamt og trutt. Per 27.10.21 er det 47 stk pasientar som har opphold ved Askvollheimen.

I følgje framskriving av folketal i Askvoll Kommune er tal personar over 80 år kraftig stigande, men det er sjølv sagt vanskeleg å vite kor mange av desse som vil ha behov for tenester og heller ikkje omfang av tenester.

Dagtilbud for heimebuande demente, vart starta opp hausten 2016.

Vi tilbyr tilbod for 4 - 5 stk brukarar 4 dagar per veke, tilboden er lokalsert til Kårstova ved Askvollheimen. Dagtilboden er med på å lette «trykket» på plassar ved sjukeheimen, og gjerne føre til at enkelte pasientar kan vere heime lenger.

Dagtilboden har «vakse» ut av sine lokale ved Kårstova, det er no eit stort behov for å fine nye lokale for dagtilboden for heimebuande demente. Det er ynskjeleg at dagtilboden på sikt vert samlokalisert med Aktivitetssenteret for funksjonshemma.

Askvoll Kommune følgjer forskrift om betaling for langtids/korttids/avlastningsopphald/dag og nattopphald som vert fastsette sentralt og endra frå 01.01.22.

Vederlag for korttidsopphald i institusjon frå 01.01.21:

Korttidsopphald : kr. 170 pr. døgn

Dagopphald heimebuande demente: kr. 170 pr. døgn

Fribeløp ved betaling for langtidsopphald : kr.8000

Auke frå 01.01.22 er per 26.10.2020 ikkje oppdatert frå Helsedirektoratet.

Frå 01.01.18 er maksimumsbeløpet som Askvoll kommune kan trekke frå kvar pasient som vederlag for opphold i institusjon sett til kr. 50 000,- per månad.

### **Samhandlingsreforma.**

Vi har fram til 01.11. 2021 klart å ta imot alle «utskrivingsklare» pasientar frå sjukehus. Vi har i år etter siste utbygging (1-sengseforma og omsorgsbustader) hatt overbelegg på Askvollheimen, dvs.fleire enn 48. Det er no nærastfullt belegg ved Askvollheimen, det er forventa at dette vil fortsetje i 2022. Det er i tillegg svært mange som står på venteliste for omsorgsbustad; 12 stk.

### **Kommentarar til tenestene:**

#### **Ansvar 400 administrativ leiing**

Forslag 1.ramme 2022 : kr 10 629 000,-

2. ramme, endeleg forslag : kr 10 829 000,-

#### **12010 Administrativ leiing**

Løn kommunalsjef omsorg; 100%stilling

#### **23402 Tryggleiksalarmar,**

Totalt har Askvoll Kommune no ca. 75 alarmar. Betaling for leige av alarm er auka med kr. 20 per md grunna underdekning av inntekter; skal vere ei «nullsum-teneste».

- Har auka betaling per md. med kr 20,-, frå kr 300,- til kr 320,- per md.
- Har auka brukarbetaling med kr 15 000,-
- Lagt inn kr 50 000,- i auka utgifter, knytt til reell kostnad i rekneskap, dette med bakgrunn i at vi betalar for tryggleiksalarmane i omsorgsbustadane.

#### **23410 Avlasting, støttekontakt, ferietilbud**

20% stilling merkantil

#### **25300 Helse- og omorgstenester i institusjon - Felles**

100% stilling merkantil

- Har auka brukarbetaling med kr 0,5 mill. i forhold til budsjett 2021. Dette er basert på ein auke som ein ser per 31.09.21 i rekneskapen. Dette er brukarbetaling for dei som har kort- og langtidsopphald.

- Redusert konto for medisinsk forbruksmateriell med kr 150 000,-
- Redusert konto for anna forbruksmateriell med kr 200 000,-
- Redusert konto for vakmeister og reparasjonar med kr 50 000,-

## **25400 Hjelp i heimen - Felles**

110% stilling merkantil

- Har auka refusjon for særleg ressurskrevjande tenester med kr 2,1 mill, til kr 13,1 mill. Dette heng saman med auka ressursbruk i 2021, som vert vidareført i 2022. 1 brukar vert flytta til nye omsorgsbustadar for PU, og 2 andre brukarar flyttar frå andre kommunar.
- Auka brukabetaling med kr 140 000,-.
- Auka konto for leige av bilar med kr 191 000,-

Betaling for praktisk bistand vert auka med 2 % j fr. budsjettundskriv 1 2022 v. øk. ansvarleg. Maks. pris for heimetenenester for minstepensjonistar som ikkje gield eigenomsorg vert ifølgje sentrale forskrifter sett til kr. 205 pr.mnd.

**Ansvar 400 får si disponible ramme auka med kr 2 837 000,- ( i forhold til rev. Budsjett 2021).**

## **Helse, ansvar 410**

Forslag 1. ramme 2022 : kr 17 771 000,-  
2. ramme, endeleg forslag : kr 17 521 000

### **23100 Aktivitetstilbud born og unge**

### **23200 Førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste**

#### **23210 Helsestasjon / skulehelseteneste**

280% stilling inkl. 60% prosjektstilling

- Helsestasjon får vidareført 60% stilling som helsesjukepleiar i 1 års engasjement for 2022. Stillinga vert i si heilheit dekka av tilskot frå Helsedirektoratet

#### **23230 Jordmorteneste**

100% stilling, har fått auka opp stillinga frå 50%, Fjaler kommune kjøper 50% stilling

#### **23310 Miljøretta helsevern**

Kjøp av interkommunal teneste frå Flora kommune

#### **23460 Frivilligheits-/miljøsentral**

100% stilling. Lagt inn øyremerka tilskot frå staten på kr 420 000,-

### **Teneste 23461 : Volontørar**

Alt på volontører er trekt ut til eiga teneste. Alle utgifter og tilskot ført her.  
Oppvekst dekkar halvparten av evt "overforbruk" , budsjettet med kr. 22 000,-.

### **24110 Legesenter**

4 stk fastlegeheimlar, 1 turnuslegeheimel og hjelpepersonell i div. stillingar.

- Utgifter til kjøp av teneste frå staten/helse Førde, båtteneste, ambulanseteneste, kr 100 000,-, fram til 30.04.22.

### **Læring og meistring;**

Tverrfagleg gruppe som arrangerar kurs og temakveldar knytt til livsmeistring og kroniske sjukdommar

Området er flytta frå folkehelse(ansvar 100) til legesenter.

Har lagt inn eit totaltbudsjett på kr 45 000,-

Utanom dette kjem lønn sjukepleiar ved legekontoret som er kontert med 5 % på dette prosjektet. Det har ikkje vore søkt om midlar til prosjektet i år og det er heller ikkje igjen midlar på fond.

### **24130 Lækjarvakt**

Askvoll kommune deltek i interkommunalt samarbeid når det gjeld døgnlegevakt, legevaksentral og ØHD/KAD plassar.

- Total auke i forhold til rev.budsjett 2021 på ca. kr 23 000 ,- meirkostnad til drift av SYS-IKL.

### **24150 Medisinsk naudmeldeteneste**

Legevaksentral

### **24160 Fysoterapi**

2stk. 100% stillingar i kommunal regi, og 2 stk 100% stillingar i privat regi med kommunalt tilskot.

I praksis vert det slik at den kommunale delen av tenesta arbeider mest med innbyggjarar i aldersgruppene 0- 18 år og dei frå 67- 100 år, medan dei private fysioterapeutane tek seg av aldersgruppa 18- 67 år (arbeidsfør alder).

Kjøp av tenester frå kommunar, 30 000,-, lymfødembehandling. Vi har kjøpt tenestene frå Sunnfjord kommune. Evt må vi betale for tenestene i Fjaler eller Hyllestad kommune.

Ikkje endra på inntektene, sjølv om det ikkje er tatt inn den budsjetterte summen for 2021.  
Auke i budsjett på kr 49 000,-

### **25400 stad 377 Psykiatrisk sjukepleieteneste**

2 stk, 100% psykiatrisk sjukepleiar

- 50% stilling psykolog; stillinga er vakant
- Overføring av ansvaret for rus frå kommune/NAV: Får overført 20 % stilling til miljøassistent

Stillinga på 30 % er ikkje tatt med i budsjettet per no.

- 100% stilling som ruskoordinator vert oppretta frå 01.01.22, vert finansiert av statlege prosjektmidlar. Auke i budsjett kr 112 000,-

Vidareført kostnad til kriseteam, med kr 50 000,-, noko som er nesten halvparten av reell kostnad.

- Behov som ikkje er funne plass til budsjettforslag for 2022:  
Auka adm.stillingsressurs for seksjonsleiar Helse.  
Seksjonsleiar Helse har per i dag 40% administrativ ressurs og 60% stilling som helsesekretær. Utfrå arbeidsmengde har ein over tid sett at det ikkje er mogeleg å stette det administrative arbeidet innanfor ein 40% stillingsressurs. Mykje av det administrative arbeidet vert stetta på overtid/fritid. Det er ikkje berekraftig over tid, og fører til svært stor belastning på leiar. I kommunar som vi kan samanlikne oss med er leiarressursen på slike stillingar 80 – 100% alt etter fagleg ansvar. Det må vere eit uttalt mål at leiarressursen for seksjonsleiar Helse vert utvida innan relativt kort tid.

### **Kostra-tal:**

	Askvoll		Kommunegr. 4		Vestland		Landet uten Oslo	
	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020
Legeårsverk per 10 000 innb.	13,3	13,4	16,3	12,5	14,1	12,9	11,4	11,8
Andel hjemmebesøk av helsesykepleier til nyfødte (prosent)	107,1	100	93,2	86,8	101,7	82,3	93,5	77
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innb.	13,3	13,4	12,1	11,4	11,1	9,5	9,7	9,6
Årsverk Helsetasjon per 10 000 innb.	55,8	56,9	47,7	53,1		47,1	44,1	45,7

### **Forklaring til tabellen :**

- Askvoll har bra legedekning sett oppimot andre kommunar
- Andel nyfødte med heimebesøk innan to veker etter heimkomst er svært god
- Vi har god dekning av fysioterapeutar
- Årsverk per 10 000 innbyggjarar ved Helsestasjon er betre enn dei vi samanliknar oss med

**Reduserte utgifter ansvar 410 : kr 100 000,- ( i forhold til Budsjett 2021).**

## **Heimetenesta 420**

**Forslag 1. ramme 2022 : kr 17 227 000,-**  
**2. ramme, endeleg forslag : kr 17 107 000,-**

### **25400 Heimeteneste**

Gjeld heimetenesta gruppe **Askvoll/Holmedal/ Atløy ,Omsorgsbustader gruppe**

#### **1./Stongfjord-Kvammen**

Her er lønsutgifter rekna utifrå gjeldande arbeidsplanar inkl.100% avdelingsleiar.  
Antal omsorgsbustader som er knytt til Heimetenesta – Omsorg 1 : 19

- **Ergoterapeut 80% stilling, ny stilling per 01.07.20 ligg under Heimetenesta**
- **Vaktmeister hjelphemiddel 70% stilling**
- **Heimetenesta gruppe Kvammen/Stongfiorder frå hausten 2020 organisert ilag med gruppe Askvoll/Holmedal/Atløy/Omsorg 1, med kontorstad i Askvoll.**

### **25400 stad 375 Heimeteneste**

#### **Bulandet /Værlandet**

Avdeling Bulandet/Værlandet er budsjettert med sjukepleiar 0,5 stilling og 1,5 stilling helsefagarbeidar/heimehjelp. Til saman 2 stillingar. Bulandet/Værlandet har ordinært berre personale tilgjengeleg på dagtid 5 dagar pr. veke. Det vil sei at om nokon treng hjelp utanom desse tidene, må personale arbeide ekstra. Om det er eit *langvarig behov for hjelp heile døgnet, vil vedkommande få tilbod om helsehjelp på fastlandet, der ein har døgnteneste.*

- Heimetenesta har mellom 70 – 80 brukarar som mottek praktisk bistand og rundt 150 pasientar som mottek helsehjelp. Antalet brukarar og pasientar varierar naturleg nok iløpet av året.
- 2021 har vore eit år der ein merkar auke i utfordringar knytt til pasientar og tenester til pasientar innanfor psykiatri. Dette tek mykje tid og krev i periodar ein del ressursar. Ein ser at det ofte blir heimetenesta som må rykke ut/ følgje opp slike ting då dei psykiatriske sjukepleiarane ikkje jobbar i turnus. Ein ser derfor meir og meir at behovet for fleire psykiatriske sjukepleiarar, også behovet for at dei går over til turnusjobbing. Ei anna gruppe som tek mykje tid og ressursar er demente, som bur åleine eller saman med sine pårørande. Dette er ei utfordrande og vanskeleg pasientgruppe som alltid vil ha stort behov for hjelp.

**Auka utgifter ansvar 420 : kr 23 000,- ( i forhold til rev. Budsjett 2021).**

## **Bu og miljøteneste 430**

**Forslag 1. ramme 2022 : kr 24 163 431,-**  
**2. ramme, endeleg forslag : kr 24 103 751 , -**

- Bu og miljøtenesta har ansvaret for tenester til menneske med ulike funksjonshemmingar i alle aldrar. Dette gjeld m.a. bu og aktivitetstilbod, avlastning, personlig assistent, brukarstyrt personleg assistent, støttekontakt, omsorgsstønad.

### **Teneste 23410 - Sosiale tenester.**

Det er budsjettet med noko høgre tillegg og noko overtid for sosialkonsulent grunna kriseteamet. Vi har vedtak på støttekontaktar på vel 1,8 millionar, men alle nyttar ikkje timane sine. Støttekontaktane har ei utgiftsdekking/diett mm på ca 600 000kr, dette vert heller ikkje alltid nyttat.

- Inne i dette ligg 100% stilling som sosialkonsulent, , fast avlastarar og støttekontaktar.
- Auka konto for støttekontakt frå kr 860 000,- til kr 900 000,-  
Behovet for støttekontakt er aukande totalt sett.
- Tatt vekk 77% fast stilling som støttekontakt.
- Auka løn avlastarar med kr 145 000,-
- Kjøp av tenester frå private som Askvoll fysioterapi, Sogn og Fjordane Røde kors
- Reduserte utgifter teneste 23410 : 296 000,-

### **Teneste 23420 : Aktivitetssenter for funksjonshemma**

Aktivitetssenteret har redusert årsverka frå 2020 grunna endring av behov frå brukarar.

**Vikarar:** Det er stengt på Austlid 3 veker om sommaren, samt jul og påske, derav låge vikarkostnadar.

**Skyss:** Skyss av brukar til aktivitetssenteret frå heimen, tidl. kostnad kr 180 000,- tatt vekk frå mars, reduksjon kr 140 000,-

Leige av lokale og grunn: Hall ved Austlid – kostnad tatt vekk, leigeavtale er sagt opp grunna endra behov, reduksjon kr 120 000,-

Kjøp av VTA-plassar : auke VTA plasser (60% fra 1.4 og 60% fra 1.6).

- Det er ikkje budsjettet noko på sal av varer, då det ikkje er meir ved på lager og heller ikkje vert produsert ved pr dags dato.
- Kjøp av tenester frå fylkeskommunen: Dette er kjøp av 5 plassar på Vevang dagsenter. Auka kostnad kr 200 000,- grunna 2 nye plassar(60% + 60%).
- Reduserte utgifter Aktivitetssenteret 2022 : kr. 109 000,-

### **Teneste 25400 – Helse og omsorgstenester til heimebuande**

- Inne i denne tenesta diverse prosjekt knytt til heimebuande brukarar

**8216:** Her er utgiftene til BPA lagt inn i kjøp av tenester frå private då vi betaler rekningar månadleg på denne tenesta.

**8240:** Her er alle fastlønsutgiftene henta frå HRM, og det er eit stabilt prosjekt med få variasjonar.

**8250:** Få tilsette og det er lagt inn mykje vakant. Her nytter ein mykje kjøp av tenester frå private, ma vikarbyrå.

**8260:** Ligg inne med kjøp av tenester Angedalen gard, kr dette gjeld 1 brukar, vert avslutta frå 01.04.22. Brukar vert då overført til ordinær teneste i Askvoll kommune.

**25400:** Auke med 1,8 stilling relatert til nye PU bustadar.

Vi bereknar innflytting av 3 stk brukarar iløpet 1.halvår i 2022

**Inn-på-tunet:** Det er lagt inn kjøp av tenester frå private, då tenesta dekker ei arbeidstreningsordning for prosjekt 8211 som ligg under Heimetenesta.

- Kjøp av tenester hos «Inn på tunet» kostnadsreka til 126 000,- elles uendra tilbod.  
Kjøp av dagtilbod Vevang ligg på 23420

#### **Teneste 25410 : Hjelp i avlastingsbustad**

- Grunn av manglende dekning vil det vere behov for kjøp av tenester frå vikarbyrå for å dekke inn vakante stillingar, kostnad kr 200 000,-
- Kjøp av tenester frå private: Utgifter til leilegheit i Bergen i høve treningsopphald. Det er og frå denne posten vi betaler vikarbyråkostnaden. Budsjettet med 1 vikar heile året, meirkostnad kr 200 000,-
- Reduserte kostnadar teneste 25410 : 108 000 ,-

#### **Teneste 25460 : Omsorgsstønad**

- Redusert 1 omsorgsstønad frå 50% til 25%, og 1 stønad er fjerna frå 01.02.22.  
Løn omsorgsstønad er redusert med kr 130 000,-

#### **Auka utgifter ansvar 430 : kr 177 000,- ( i forhold til rev. Budsjett 2021).**

Dette kjem i hovudsak frå auka utgifter knytt til kjøp av VTA-plassar ved Vevang Dagsenter. Det er reduserte utgifter for kjøp av opphold ved Angedalen Gard AS og innleige frå vikarbyrå.

### **Askvoll omsorgssenter 1 - 440**

**Forslag 1. ramme 2022 : kr 20 391 000,-**

**2. ramme, endeleg forslag : kr 20 297 000,-**

Askvoll omsorgssenter 1 er den eine halvdelen av Askvollheimen. Den inneheld langtidsplassar, bufellesskap, korttidsplassar, omsorgsbustadar, vaskeri og reinhald. Seksjonen har tilsaman 15 plassar ved sjukeheimen og 9 omsorgsbustadar.

#### **23400 aktivisering og servicetenester til eldre og funksjonshemma, stad 370**

100% stilling assistent vaskeri gield del av vaskeritenesta som omfattar bufellesskap

#### **25300 institusjon, gruppe Smia/Fløyen**

11 plassar; 6 langtidsplassar, og 5 korttidsplassar; avlastning og rehabilitering

## **25300 stad 374 Reinhald/vaskeri**

På grunn av rapportering Kostra er reinhald/vaskeritenesta  
Ført på 3 tenester.

**Reinhald i institusjon på 26100** og reinhald/praktisk hjelp i heimen på **teneste 25400**, som gjeld teneste i bufellesskap. (fellesutgifter)

Likeeins er vaskeritenesta delt med 60% på teneste 25300 i institusjon og 40% teneste 23400 (Aktivisering og servicetenester til eldre og funksjonshemma)

- Auke på 50% stilling som reinhaldar knytt til auka areal i ny reinhaldsplan

## **25400 Heimebuande – Omsorg 2**

- 9 stk omsorgsbustadar som vert drifta av personale frå Smia/Fløyen/Omsorg 2
- 1 stk ressurskrevjande brukar vert flytta til nye omsorgsbustadar for PU iløpet av 1. kvartal

## **25400 stad 374 Reinhald**

Viser til kommentarer som gjeld reinhald/vaskeri/praktisk hjelp på teneste 25300, med fordeling som gjeld hjelp i institusjon og hjelp i bufelleskap.

### **Faste vikarar :**

- Vi har no 5,1 stilling med fast vikar som er tilvist fast løn i ansvar 440. Desse vert utlånt med trekk løn på timeliste. Løna til dei faste vikarane vert i praksis «betalt» av ekstrahjelp og vikar-pottane hos dei ulike seksjonane.

## **25415 bufellesskap, gruppe Smia/Fløyen**

- 4 bufellesskapsplassar
- 1,8 stillingar knytt til legevaktsatelitt, kostnad ca. 1 450 000,- på årsbasis, av dette får vi dekka kr 1 200 000,- av prosjektet Legevaktpilot gjennom Syskl. Det er å forvente at stillingane som er tilført gjennom prosjektet vil gje positive effektar for andre delar av sjukeheimen. Dette gjeld både medisintillaging, rehabilitering og generell pasientbehandling.
- Legevaktsatelitt som er knytt til Legevaktpilotprosjektet er lokalisert ved denne seksjonen. Legevaktsatelitten er open kvar kveld frå 15.30 – 22 og laur/sun 08 – 15.30. Satelitten er eit supplement til den ordinære legevakt på kveld og helg, der mindre alvorlege skadar og sjukdomsforløp kan avklarast lokalt.

Prosjektet som legevaktsatelitten hører til vert avslutta 31.05.22.

Askvoll kommune må i løpet av vinteren 2022 avgjere kva ein gjer etter at legevaktpilotprosjektet er avslutta. Skal ein vidareføre legevaktsatelitten, el skal ein avslutte. Dette er eit viktig spørsmål for Askvoll kommune både i forhold til den akuttmedisinske kjeda, beredskap, økonomi og bruk av personellressursar.



Auka utgifter ansvar 440 : kr 417 000,- ( i forhold til rev.budsjett 2021).

## **Askvoll omsorgssenter 2 - 450**

**Forslag 1. ramme 2022 : kr 34 524 000,-**  
**2. ramme, endelig forslag : kr 33 549 000,-**

Askvoll omsorgssenter 2 er den andre halvdelen av Askvollheimen. Den består av gruppe Solstova/Rask som har 16 stk plassar i bufellesskap. Gruppe Kårstova har 17 langtidsplassar for demente. Nattevaktene er plasserte i denne seksjonen, saman med aktivitørar og frisør. Kjøkkenet ved Askvollheimen er også ein verdifull del av seksjonen

### **Teneste 23400**

Frisørteneste vert vidareført som før, kjøp av teneste frå Storm Frisør

#### **23401 Kjøkken stad 371**

Viser til kommentarar som gjeld kjøkken på ansvar 450 teneste 25300 stad 371 . 60% av drift kjøkken vert rekna til til gjelde matombringing. Betaling for matombringing vert også ført her. Køyring som gjeld matombringing vert i hovedsak ført i regi av Nærmiljøsentralen. Gjennomsnittleg vert det distribuert ca. 40 middagar pr. dag. Askvoll Kommune betaler køyregodtgjerdsle dersom det ikkje er kommunal bil ledig. Inntekter som gjeld matombringing førast på same teneste.(23401)

#### **25300 stad 371 Kjøkken Askvollheimen**

Redusert kjøkkendrift Askvollheimen frå 7-dagars drift til 5-dagars drift. Det betyr at ein går tilbake frå Kok-server 7 dagar i veka til Kok – server 5 dagar i veka, med kok-kjøl knytt til helg. Dette inneber at dei som er heimebuande får utkøyrt middag på fredagane, som seinare må varmast oppatt.

Reduksjon frå 7-dagars drift til 5-dagars drift inneber ei innsparing på kr 600 000,- per år. Innsparinga vil for 2022 innebere ei reell innsparing på kr 450 000,-. Det er reduksjon på kokkestillingar på 0,7 % årsverk og sjåførar 0,2 årsverk.

#### **Pris for middag:**

- Stor porsjon kr. 99,-
- Liten porsjon kr. 73,-
- Lørdagsmiddag og mosa mat kr 40,-

#### **25300 Institusjon langtidsopphald**

**Gruppe Kår I/II, del av natttenesta og avdelingsleiar 50%.**

Brukartal gruppe Kår : 17

- **Dagtilbod til heimebuande demente;** 4 dagar per veke, 4 – 5 brukarar
- Totalt ein reduksjon samanlikna med revidert budsjett på om lag kr 250 000

#### **Teneste 25400 Heimebuande natt**

- 4 nattevakter.

Dette er sjukepleiarstillingar på natt som er rekna som heimetenenester.

## Teneste 25415, gruppe Solstova/Rask, bufellesskap

Auka grunnbemanning:

Auka grunnbemanning ved gruppe Solstova/Rask vert «veksla inn» mot reduksjon i bruk av vikar og andre utgifter knytt til sjukefråvær. Gruppa får tilført 1 dagvakt og 1 seinvakt på fast basis for å kompensere for låg grunnbemanning og motverke sjukefråvær. Det vil ikkje vere høve til å leige inn vikar ved fråvær av 1 tilsett. Redusert kostnad knytt til sjukefråvær, vil saman med fjerning av vikarpott «utlikne» meirkostnadane knytt til auka grunnbemanning.

- I år vart ein pasient md 1:1 bemanning flytta til Solstova. Det er flytta personell saman med pasient frå Kårstova. Gruppa har hatt mykje sjukefråvær, og derfor mykje bruk av vikarar og overtid.
- brukartal : 16

## 23400.000: Aktiviserings- og servicetenester.

- Inga endring

Det er ikkje lagt inn kjøp av tenester frå andre. Her ligg bruk av vikarbyrå som har vore ein betydeleg utgift i 2021 (kr 600 000,-). Dersom vi ikkje rekrutterar betre, vil vi risikere utgifter på denne posten.

## Ansvaret 450 får kr 1 729 000,- i redusert utgifter i forhold til rev. budsjett 2021

**KOSTRA-tal**

	Askvoll		Kommunegr. 4		Vestland		Landet u. Oslo	
	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020
Legetimar pr.veke pr. bebuar i sjukeheim	0,38	0,38	0,49	0,48	0,43	0,58	0,56	0,57
Brukarretta årsverk med helseutdanning	76,1	78,3	79,7	77,6	75,8	77,2	77,7	78,0
Utgifter per bebuardøgn i institusjon Enhet : kr.	3771	3488	4086	3996	3923	3861	3842	4033
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr veke som brukarar av heimetenesta får	5,5	3,8	3,7	5,3	4,8	5,6	5,0	5,4
Årsverk per bruker av omsorgstenester	0,52	0,54	0,52	0,57	0,59	0,59	0,58	0,58
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,48	0,48	0,33	0,40	0,46	0,44	0,41	0,42

### Forklaring til tabellen ovenfor :

- Legetimar pr.veke pr. bebuar i sjukeheim ligg Askvoll under andre kommunar,
- Brukarretta årsverk med helseutdanning ligg noko lunde likt med fylket,
- Utgifter per bebuardøgn ligg under både samanliknbare kommunar, fylket og landet
- Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr veke som brukarar av heimetenesta får er lågare enn samanliknbare kommunar, fylket og landet
- Årsverk per bruker av omsorgstenester ligg Askvoll likt med kostragruppe 5, men under fylket/landet
- Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem; Askvoll ligg på overkant av snittet

## **Kort oppsummering av dei viktigaste endringane i budsjett 2022 for helse- og omsorgsetaten**

- **Helse- og omsorgsetaten får auka sitt budsjett frå opprinnelag ramme til 2. ramme 2021 med kr 431 000,-**

**Dette gjev følgjande nye tiltak/endringar i budsjett for 2022 :**

- Oppstart av bufellesskap ved dei nye omsorgsbustadane for psykisk utviklingshemma
- Auka grunnbemannning ved gruppe Solstova/Rask, 1 dagvakt og 1 seinvakt
- 50% reinhaldsstilling ved Askvollheimen
- Legevaktpilotprosjekt vert avslutta 01.06.22, vidare drift legevaktsatelitt er usikker
- Omlegging av kjøkken Askvollheimen frå 7-dagars drift til 5-dagars drift
- Auka tilsaman 0,28 årsverk innan Heimetenesta
- Avslutte kjøp av tenester frå ekstern aktør innan Bu- og miljøtenesta
- Avslutte kjøp av båtambulanseteneste frå 30.04.22

## **Økonomiplan for Helse og omsorg 2022 -2025 - Drift**

Behov for auke i driftsbudsjett for økonomiplanperioden :

### **2023 :**

- 0,75 mill. kr. : Psykiatrisk sjukepleiar, turnus, 100% stilling
- 0,6 mill. kr : utvide psykologstilling til 100%
- 0,75 mill. kr : 1 sjukepleiestilling for rehabilitering
- 0,150 mill. kr : 20% stilling som demenskordinator
- 0,180 mill. kr : 20% auke adm. ressurs seksjon Helse

### **Kommentarar til innmeldt behov :**

### **2023 :**

- Ved psykiatrisk sjukepleieteneste har ein eit aukande behov for tenester til ungdommar og yngre vaksne. Det er på sikt behov for å auke antal tilsette som kan ivareta behovet som ein ser er aukande. Det er også mogeleg at ein må tilby tenester på kveld og helg i tillegg til den dagarbeidstida som ein har i dag. Heimetenesta brukar også svært mykje tid på å følgje opp pasientar, som i stor grad skulle hatt meir hjelp av personell med psykiatrisk utdanning. Raskare utskriving, mindre institusjonsbehandling, mindre grad av reinlegging for stabilisering og vedlikehald av behandling i spesialisthelsetenesta, samt reduksjon av senger medfører auka press på kommunal psykiatriteneste. Regjeringa legg i tillegg opp til auka kommunalt ansvar for menneske med psykiske lidningar og rusproblem. ( jmf.St.mld 16.2010-2011, Helse-og omsorgsplan 2011-2015). Dei siste åra har både regjering og Storting påpeika at kommunane skal prioritere satsing på psykisk helse og rus

Det er forventa at kommunen må utvide personalressursane, slik at ein kan vere tilgjengeleg på kveld og helg

Vi tenkjer oss ein auke på 1 stk 100% stilling som psykiatrisjukepleiar/miljøarbeidar, noko som vil ha ein **kostnad på ca. kr. 0,75 mill.**

- Auke psykologstilling til 100% stilling vil vere eit klart mål. Kommunen står no utan psykolog, etter at psykologen som var tilsett i fellesstilling i Askvoll og Fjaler har sluttat.  
Det var klare utfordringar med å ha ei slik delt stilling mellom 2 kommunar. Sjølv om utgangspunktet for dei 2 kommunane var ganske like, viste det seg at det ikkje var like enkelt å bruke denne stillinga på tvers av kommuane.  
Utfordringane og folketalet i Askvoll kommune tilseier at vi bør ha ei psykologstilling på 100%.
- Lage gruppe for rehabilitering ved Askvollheimen, må vere eit klart uttalt mål for Askvoll kommune. Vi har per i dag ikkje ei eiga definert gruppe som arbeider målretta med rehabilitering ved sjukeheimen. Dette er eit klart minus for dei pasientane som har slike behov. Det fører også med seg at pasientar som skulle fått særskilt rehabilitering ved korttidsopphald ikkje får den naudsynte oppfylgjinga. Dette skuldast i all hovudsak at grunnbemanninga ved Askvollheimen er altfor låg til å kunne utføre planlagt og koordinert rehabilitering. Det er difor naudsynt at etaten startar med å lage ein rehabiliteringsplan og i etterkant får auka bemanninga slik at ein kan drive målretta behandling.  
Slik som stoda er i dag, vert mange av dei pasientane som er på korttidsopphald ved sjukeheimen verande der. Vi har ikkje nok ressursar til å hjelpe dei med å verte rehabiliterete nok til at dei kan greie seg i eigen heim. Dette er svært uheldig for den enkelte pasient, det er ei srør forringing av livskvaliteten til den det gjeld. Det er også svært kostnadsdrivande for oss som etat og kommune. I tillegg fører det til at pasientane hopar seg opp ved sjukeheimen, og vi mistar den fleksibiliteten som vi treng for å drive effektivt og hensiktsmessig.
- Helse- og omsorgsetaten har i 2021 starta opp demensteam, og demensplan er under slutføring. Behovet for hjelp innan demensfeltet er stadig aukande, og etaten opplever eit kontinuerleg press på våre tenester knytt til demens.  
Vi ser eit klart behov for ein person som kan kordinere desse tenestene på ein betre måte enn vi klarar i dag. Det er difor etter vårt syn behov for å tilsetje ein demenskoordinator i 40% stilling. Men det kan vere greitt starte med ei 20% stilling, for rett og slett komme i gang.
- Administrativ leiarressurs seksjon Helse; viser til kommentar ved kap. vedr. Seksjon Helse.

## **Medarbeidarkartlegging og brukarundersøking innan helse- og omsorgsetaten 2022 – 2025**

Askvoll kommune deltok i 2015/2016 i KS sitt effektiviseringsnettverk for Robek-kommunar.

Der fekk vi høve til å tilegne oss kunnskap om økonomi- og målstyring :

- Erfaringar fra tidligare deltakrar.
- Økonomiske perspektiv analysar av kommunane.
- Oppstart arbeid med styringssystemet.
- Analyse av handlingsrommet i ulike tenester, kva kan kommunane gjere.

Det skal gjennomførast medarbeidarkartlegging og brukarundersøking i helse og omsorg, dette vert starta opp iløpet av 2022. Vi ynskjer å finne ut kvar vi står, og kva mål vi ynskjer å nå. Enkelte utvalde indikatorar skal målast årleg, mens medarbeidarkartlegging og brukarundersøking skal utførast kvart 4. år.

### **Investering helse og omsorg :**

- Prosjekt utbygging 8 stk omsorgsbustadar(PU) ved Askvollheimen :  
(vert adm. av bygg og eigedom)  
Ferdigstilling desember 2021.

### **Investeringsbudsjett helse- og omsorgsetaten 2022 :**

Instrumentvaskar og bekkenspylar	kr	160 000,-
Asfaltering uteplassheimetenesta/sansehage	kr	100 000,-
El. Prekestol/personheis	kr	120 000,-
Løfte-/kvilestolar 3 stk	kr	100 000,-
Gardiner/stenger pasientrom, brannsikre	kr	240 000,-
Luftmadrasser/nattbord	kr	100 000,-
Oppvaskmaskiner 2 stk	kr	100 000,-
El. dørlåsar ved Kårstova	kr	700 000,-
Innkjøp velferdsteknologi	kr	100 000,-
Utstyr hovudkjøkken/avd.kjøkken	kr	130 000,-
Sofagrupper/kvilestolar/bord ved Sol/Rask	kr	220 000,-
<b>Sum</b>	kr	<b>2 070 000,-</b>

- Vi ser eit behov for å ha el. dørlåsar på pasientdørene ved gruppe Kårstova(demensgruppe). Dette for å avgrense at pasientane oppheld seg på andre pasientar sine rom. Dette fører til både uro og utagering, og er veldig utfordrande dei tilsette. Med el.dørlåsar er det berre den enkelte pasient og dei tilsette som har tilgang på rommet.  
➤ **Kostnad for 20 stk dørlåsar : kr 700 000,-**

**Samla sum investeringar utstyr helse og omsorg 2021 : kr 2 070 000,-**

### **Kommentar:**

Ved Askvollheimen er det eit kontinuerleg behov for å skifte ut div. utstyr.

Ved sengeavdelingane er det behov for ein del nye senger og mange madrasser, dette er kostbart utstyr, som vi må ta litt etter litt. Ved Askvollheimen er det fleire bekkenspylarar og

instrumentvaskarar som er mellom 10 og 20 år, fleire av desse kostar oss mykje i reparasjonar og er særmodne for utskifting. Det er også eit stort behov for å bytte ut møblar, sofabord og kvilestolar, mykje av dette er svært gammalt og i dårlig forfatning.

- Det er mange ting som må utbetra ved Askvollheimen. Dette gjeld dører, vindauge, solskjerming, golvbelegg og asfaltering. Det er mange av desse tinga som må utbetra på kort sikt, det er lekkasjar og rote som pregar spesielt dører og vindauge. Desse utbetringane skulle vore lagt inne i ein vedlikehaldsplan, dei vil nok utgjere kostnadar på fleire millionar. Desse tiltaka bør leggast inn som eit investeringsprosjekt ilag med rep. av taket på Askvollheimen.  
Vindauge/dører - Askvollheimen vert lagt ut på anbod iløpet av vinteren 2021/2022 i regi av Bygg og eigedom  
**Investeringsbehov dører, vindauge, solskjerming og tak ved Askvollheimen 2022 : kr 5 millionar (Bygg og eigedom)**
- Kommunalsjef ser eit sterkt behov for å komme vidare i prosessen med å utbetre produksjonskjøkkenet ved Askvollheimen  
**Investeringsbehov kjøkken Askvollheimen 2022 : kr 12 millionar(stipulert) (Bygg og eigedom)**
- Det er stor behov for å starte renovering av mange enkeltrom ved Askvollheimen. Mange av romma har betydeleg slitasje, dette går utover trivselen for pasientane.  
**Investeringsbehov : kr 2 million for 10 stk rom.**  
**(Bygg og eigedom)**
- **Uteområde ved Askvollheimen : behov ca. kr 600 000,-**  
Etaten fekk kr 100 000,- i planleggingsmidlar for 2021. Sjølv utbetringa av uteområdet vil ha ein betydeleg kostnad.

#### ➤ **Planlegging av 8 stk nye omsorgsbustadar for eldre**

Kommunalsjef helse og omsorg meinar at Askvoll kommune snarast bør setje i gang med planlegging av nye omsorgsbustadar for eldre.

Med eit aukande tal eldre i kommunen og ein dårlig fungerande privatmarknad for leilegheiter Askvoll, ser ein no behov for nye tilrettelagde bustadar. Det er for tida svært mange som står på venteliste for omsorgsbustad, dette har vore aukande dei siste 2 åra. Nye omsorgsbustadar kan også vere avlastande for sjukeheimen og heimetenesta. Det kan også vere aktuelt å lage bufellesskap for demente i nye bustadar. Helse- og omsorgsetaten har dei siste åra opplevd aukande press på institusjonsplassar for demente. Det er til ei kvar tid demente som ventar på plass ved sjukeheimen.

**Investeringsbehov : kr 28 million**, der 45% av kostnad vert dekka av Husbanken, og resterande kostnadar vil i all hovudsak verte dekka av husleige.

Utbygging av omsorgsbustadar skal vere eit»nullsumsspel».

## **3.6 Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad**

Med grunnlag i budsjetttrundskriv har landbruksforvaltninga fått tildelt ei budsjettramme på kr **2.004.000 for ansvar 510.**

### **Organisering av landbruksforvaltninga**

Frå 01.01.2007 vart landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler samlokalisert og organisert som ei eining med kontorstad Askvoll. Frå 1.8.2020 har også Hyllestad komme med i den felles landbruks-forvaltninga. Som grunnlag for omorganiseringa og vedtaka i kommunestyra i Askvoll, Fjaler og Hyllestad, vart det vedteke ei kostnadsfordeling på høvesvis; 40% for Askvoll, 40% for Fjaler, og 20% på Hyllestad.

Det vart lagt til grunn ein personalstab på 5 stillingsheimlar. Første år (2021) var det budsjettert med 4.85% stillingar (endra ved 2. budsjettframlegg), grunna vakans i januar og februar i 2021 i samband med nyttilsetting.

### **Arbeidsoppgåver landbruksforvaltninga**

- Forvaltning av statlege midlar over jordbruksavtala
- Sakshandsaming og oppgåver knytt til lovsaker og næringsutvikling
- Sakshandsaming opp mot BU-systemet og andre finansieringskjelder
- Teknisk planlegging i landbruket
- Sakshandsaming og oppgåver innan; jordbruk, skogbruk, viltforvaltning, miljøforvaltning og vassforvaltning.
- Sikre tilfredstillande tilgang på dyrehelsepersonell/ veterinærdekning

Tabellen under gjev ei oversikt over kostnader knytt til landbruksforvaltninga i Askvoll

Forklaringstekst	Teneste	kostnad
Felles landbrukskontor	32940	1.718.308,-
Skog	32950	33.000,-
Veterinærvakt	32960	207.692,-
Viltforvaltning:	36022	0,-
Vassdirektivet	36040	45.000,-
<b>Sum:</b>		<b>2.004.000,-</b>

### **Merknader til budsjettpostane**

Budsjettframlegget frå etaten er på kr. 2.004.000,-, og dekker Askvoll kommune sin del av kostnaden av den felles landbruksforvaltninga (teneste 32940), med kr. 1.718.308, kommunen sin kostnad knytt til vassdirektivet (45.000), kostnader knytt til kontingent/ lisens Norkart (33.000) og kostnadane knytt til veterinærtenestene med kr. 207.692 (budsjettert stimuleringstilskot kr 110.000 frå Statsforvaltaren/ vedtak i mars 2022). Det har tidlegare vore signalisert at stimuleringstilskotet skal vekk, men det har vore løyvd midlar dei siste åra. I Hurdalsplattformen er det spesifisert at regjeringa vil: *Styrke veterinærtjenesta i hele landet slik at alle dyr har tilgang til kvalifisert behandling*. Det er slik truleg at stimuleringstilskot til område med svakt næringsgrunnlag ikkje vert svekka. Skulle tilskotet likevel felle vekk, ville dette ikkje være mogleg å dekke utan ei oppjustering av landbrukskontoret si ramme, eller ved endring av inngåtte avtaler.

## **Budsjett for 2022 for landbruksforvaltninga fordelar seg slik (største kostnader):**

Lønn 5 stillingsheimlar: kr. 3.950.796 (felles for 3 kommunar)

Kontorleige, adm.,

It, Leasing, tlf m.m.: kr. 180.000 (felles for 3 kommunar)

Andre kostnader, reiser,  
forbruksmateriell:

kr. 140.000 (felles for 3 kommunar)

Lisensar, abbonement,

Kurs/ opplæring: kr. 60.000 (felles for 3 kommunar)

Vassdirektivet:

kr. 45.000 (Askvoll)

Kostnad veteranæravtale:

kr. 317.692 (Askvoll)

Norkart/ GIS:

kr. 33.000 (Askvoll)

## Viltfondet

Det kommunale viltfondet har si inntektskjelde i frå fellingsavgifter frå hjortevilt. Fondet skal nyttast til viltfremjande tiltak i kommunen, skadeførebygging, samt til handtering av fallvilt. I Askvoll vert fondet forvalta av landbruksforvaltninga/ Komité for plan, næring, miljø og teknikk. Kommunen fastset storleiken på fellingsavgiftene i samsvar med retningslinene frå Miljødirektoratet.

## ! Endring fellingsavgift

I 2021 vart fellingsavgiftene endra til kr. 100 for kalv, og kr. 300 for vaksne dyr.

Endringa vart vedteken i møte i kommunstyre (KOM-045/21), den 15.,9.2021, og satsane er gjeldande frå jaktåret 2021/2022.

## Andre tenester

Gebyr for planlegging og utarbeiding av gjødselplaner:

- Teknisk/ økonomisk planlegging kr. 400 per time
- Gjødselplaner, kr. 700 i grunnpris + 100kr per skifte

For gjødselplaner er det vurdert at prisane bør aukast, både av omsyn til kostnaden knytt til lisens og tidsbruk knytt til utarbeiding. Ein ligg også lågt i pris sett oppimot Norsk Landbruksrådgjeving, som tilbyr gjødselplanar som ein del av si teneste. Ein bør slik få prisar som ikkje vesentleg avviker ifrå dette, og som samsvarar betre med kostnader knytt til tenesta.

## ! Framlegg til ny pris for utarbeiding av gjødsleplan:

- Gjødselplaner, kr. 1250 i grunnpris + 125kr per skifte

## Gebyr lovsaker

For handsamingsgebyr etter konsesjonslova, og deling etter jordlova vart gebyrordninga revidert i 2012. **Per i dag er det vesentleg forskjell i gebyra mellom samarbeidskommunane.**

Satsane i Askvoll er for **delingssaker etter jordlova §12; kr 1.200**. For **konsesjonssaker er satsen delt**, med kr **1.500 for kurante saker/ delegerte saker**, der alle opplysningar er tilgjengeleg, og kr. **4.000 for meir komplekse saker** som krev mykje saksførebuing/ og innhenting av opplysningar, samt politisk handsaming.

Askvoll (og Fjaler) ligg vesentleg under satsen i Hyllestad der satsen er kr 5.000 for konsesjonssaker, og kr 2.000 for delingssaker. Det er landbruksforvaltninga si vurdering at ein burde få til ei samordning av satsane i løpet på 2022. I Hyllestad samsvarar gebrysatsen på saker etter konsesjon/- jordlova med sats i nærliggande kommunar (undersøkt i Sunnfjord og Kinn).

### **Sluttkommentar - 2022 budsjettet**

I budsjettframlegget er det for 2022 budsjettert med ei ramme på kr. 2.004.000, som er ein auke på kr. 74.000 sett oppimot ramma i 2021 (kr. 1.930.000). I Ramma for 2021, låg det til grunn 4,85 stillingsheimlar, grunna vakanse ved nytilsetting. Endring i lønnsutgifter for landbrukskontoret, er i frå 2021-2022 ca. 300.000. For Askvoll utgjer endringa knytt til lønnssauke/vakanse: 300.000 x 40% = kr 120.000. Ramma for 2022 er slik redusert sett i høve ramma i 2021.

For å komme innanfor ramma er det gjort kutt i postar knytt til forbruksmateriell og midlar til kurs/opplæring. Det er vidare etter samtale med statsforvaltaren (21.10.2021), samt erfaringstal og politiske signal, auka opp budsjettert stimuleringstilskot til veterinærordninga. I tillegg er det gjort framlegg om å auke inntekter knytt til gjødselplanlegging, og auka tilhøyrande inntektspost.

Kutta gjev vidare avgrensa mogelegheit for framtidige innsparingar, om det ikkje skal kuttast i lønn/ stillingar, eller andre avtalebundne postar. Landbruksforvaltninga tilrår fylgjeleg, at ein i løpet av 2022, også ser på gebyr knytt til konsesjon- og delingssaker (styrka inntektsgrunnlag), med forslag om å legge satsane på same nivå som Hyllestad kommune, dvs. kr. 5.000.- og 2.000.-

Under føresetnad av at ein får dei tilskot og inntekter som er lagt til grunn ved budsjetteringa, vurderer ein at ein skal kunne handtere dei tjenestene som landbrukskontoret er pålagt i 2022 på ein tilfredsstillande måte, og innanfor gjevne rammer.

Johannes Folkestad  
Landbrukssjef Askvoll, Fjaler og Hyllestad

### **3.7 Teknisk drift**

#### **DRIFTSBUDSJETTFRAMLEGG 2022:**

Framlegg 2022		
<b>Konto</b>	<b>Konto (T)</b>	<b>Budsjett 2022</b>
<b>12010</b>	Administrativ leiing	199 875,00
<b>12100</b>	Forvaltningsutgifter i egedomsforvaltning	72 173,00
<b>12000</b>	Administrativ leiing	5 067,00
<b>22220</b>	Drift og vedlikehald av skulelokale	75 000,00
<b>30200</b>	Byggesaksbehandling og seksjoneringssaker	67 172,00
<b>30300</b>	Kart og oppmåling	33 585,00
<b>32580</b>	Næringsbygg	12,00
<b>33030</b>	Kaier	70 000,00
<b>33210</b>	Drift og vedlikehald vegar	3 605 625,00
<b>33230</b>	Veglys	450 000,00
<b>33500</b>	Rekreasjon i tettstad	75 000,00
<b>34000</b>	Produksjon av vann	2 857 377,00
<b>34500</b>	Distribusjon av vann	408 228,00
<b>35000</b>	Avløpsreinsing	464 138,00
<b>35300</b>	Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	515 932,00
<b>35400</b>	Tøming av slamavskiljarar, septiktankar	-266 356,00
<b>35500</b>	Innsamling, gjenv. og sluttbeh.av hushaldningsavfall	67 172,00
<b>640</b>	<b>Teknisk drift</b>	<b>8 700 000</b>

#### **Samla status:**

Budsjettframlegg frå teknisk drift ligg ihht. avsette rammer lik kr. 8 700 000 jf. budsjetttrundskriv dat. 18.10.21.

**TEKNISK DRIFT - INVESTERINGSBUDSJETTFRAMLEGG 2021:  
Behov til kommunale vegar, trafikksikring/sentrumsutvikling, grøntområde og kaier:**

	2022	2023	2024	2025
Veg: Asfaltering:	2000	2000	2000	2000
Veg Holmedal				
Veg: Nordnessundet		4100*		
Veg: Landøy (bru) (utbygging)	1000			
Veg: Trafikksikring Askvoll skule (utbygging)	250			
Veg: Askvoll skule + planlegging GS (utbygging)	2000			
Veg: Trafikksikring.	Ukjent	Ukjent	Ukjent	Ukjent.
Grønt:	150		150	
Kommunale kaier:	350	150	150	150
Veglys:	250	250	250	250
Trafikktiltak – Atløy og Bulandet	500			

**Kort om prioritert oppstilling av investeringar 2022 - 2025:**

**Vegar:**

Veg til Nordnessundet er sett opp i 2023 med kr. 4,1 millioner. \*Bør vurderast.  
Asfaltering. Ønskje om å få auke til 2,0 million i heile perioden.  
Parkering og trafikksikring ved Askvoll skule kr. 2000.000. Utbygging må bli i 2022.  
Trafikksikring ved Atløy og Bulandet skule. Nådde ikkje fram med søknad i 2021.  
Samla kostnad kr. 500.000 (ca. kr. 300.000 lågare enn det som var omsøkt i 2021).

**Vatn/avlaup.**

Oppgradering leidningsnett (AHV og BVV), dammar ved Nyksvatn (krav NVE – vert vurdert mht. tiltak), dam Kvammen (omarbeidast til låge dammar).  
Kommunen prioriterer slamavskiljarar (Askvoll og Holmedal).  
Forhalde seg mot plan med utviding av å arbeide for ringssystem AHV.  
Forbetring av BVV mot industriområde (høgdebasseng).

**Grønt:**

Robotklipparar/klargjering mht. drift av kommunale grøntområdet.

**Veglys:**

Raskare utskifting av eldre armatur til led-lys vil gje lågare driftskostnader (både straum og vedlikehald). Ønskje om kr. 250.000 i investeringsbudsjett 2022-2025.

**Kaier:**

Kommunen må oppgradere kommunale kaier og almenningskaier (Stongfjorden, sentrumkai, tidlegare ferjekai mm). Kai i sentrum må ha nytt dekke og frontdekk. Kostnad for sentrumskai (tredekket må i 2022 skiftast) kjem på mellom 300-400.000,-.

**Investeringar VA:**

Grunnlag for innarbeiding med Momentum:

	2022	2023	2024	2025
Avlaup	7,46	8,65	10,37	7,04
Vatn:	11,94	7,85	6,68	6,50

Prosjekt som er inne med midlar i perioden:

REVIDERT 041021 - INVESTERINGSPLAN VA 2021 OG PERIODE 2022-2025						
INVESTERINGSPLAN VATN OG AVLAUP - KALKYLE EKS. MVA:						
SUM:	AVLAUP:					VATN:
	2021	2022	2023	2024	2025	
<b>ASKVOLL:</b>						
Prestemarka øst- 2019-2020						
Prestemarka: (del 1 av 2)	7,28				5,92	
Røyset (øvre + Motell):	8,25			6,75		
Renseanl.: 3,50	Utløsing		3,5			
Ask: *del av 5,04		1,96				
<b>HOLMEDAL:</b>						
Eldrebustad	3,45				3,45	
Sentrumsentrum	3,25			1,9		
Renseanl.: 2,00		2,00				
Bakke:	0,84				0,84	
Veg - Hardv.	4,00	Ut				
<b>STONGFJORDEN:</b>						
Nord mot St. elva:	4,45				4,45	
Sør for Gjerdelva:	2,75				2,75	
<b>KVAMMEN:</b>						
Slamavsk.	0,75	1,2				
<b>AHV-BVV-KVV:</b>						
Bakkelvå-nedvatt:	2,05					
Overf. leidning N.vatn	0,50					
Høgdebasseng Askv.:	6,00					
Samlekummer etc. BVV:	2,00					
Oppgradering leidningsnett	4,00					
Leidningskartverk - driftsprogram m.m						
NVE - Krav kontroll fangd:	8,70					
BVV - Industriområde høgdebasseng						
BVV - Forbetring råvassbasseng/inntak mm						
AHV - Ringssystem (del av)						
	1,2	7,46	8,65	10,37	7,04	
Andre utgifter 2021 - VA:						
Byggfelt Balandet		1,4				
Olsetvikane (VA)	Ukjent				0,7	
* NVE: Avklarer om det er mogleg å gjøre mindre inngrep som vil kunne redusere investeringar i Kvammen og Nyksvatn (pågår)						
* Olsetvikane: Er investert i leidningsnett VA som ikke enda er avklart omfang av (antatt mindre enn 0,5 mill. i 2021)						

### Avlaupsanlegg:

- Askvoll: Slamavskiljar korseberget, Prestemarka del 2, Røyset del av Ask.
- Holmedal: Slamavskiljar sentrum, og sanering del av sentrum, eldrebustad, Bakke.
- Stongfjorden: Nord for Stang elva og sør for Gjerdeelva.

### Vassverk:

- Askvoll- Holmedal vassverk (AHV): Høgdebasseng, NVE-fangdammar, start ringsystem.
- Balandet vassverk (BVV): Samlekummer, leidningsnett, høgdebasseng.
- Kvammen vassverk (KKV): NVE-fangdam

Askvoll 27.10.21

Per Jan Ryland  
-Teknisk sjef -

### 3.7.1 Sjølvkost VA

Askvoll kommune brukar sjølvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune til for- og etterkalkyle av kommunale gebyr. Firmaet Envidan AS har i samarbeid med økonomisjefen utarbeida eit forslag til gebyrsatsar for 2022-2025 som ligg ved som eit eige vedlegg til budsjett og økonomiplan for 2022-2025.

## **3.8 Brann og feiing**

**Budsjettframlegget samsvarar med tildelt råme på kr 3 419 000.**

### **Feiarvesenet**

Feiarvesenet er ei sjølvkost-teneste, og vi har lagt til grunn ei sjølvkostinndeckning på 100%. Det er også krav til feiing og tilsyn av fritidsbustader. Som for brannvesenet har Arbeidstilsynet også hatt tilsyn og oppfølgjing av rutiner og materiell i feiarvesenet.

Feie- og tilsynsavifta vert auka med 25% i 2022. Askvoll kommune brukar sjølvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune til for- og etterkalkyle av kommunale gebyr. Firmaet Envidan AS har saman med økonomisjefen utarbeida eit forslag til gebrysatsar for 2022-2025 som ligg ved som eit eige vedlegg til budsjett og økonomiplan for 2022-2025.

### **Brannvesenet**

I utgangspunktet same driftsnivå som 2021.

Samfunnsoppgåvene til brannvesenet er i endring, og det vert stadig nye oppdrag, med eller utan bistand frå politi og helse. Det vert lagt opp til 8 brannøvingar á 2,5 timer, som før.

Ombygging av lokala til brannstasjonen hausten 2021, med ferdigstilling august 2022.

I budsjettframlegget er det inne kjøp av leiarteneste frå Førde kommune.

## **Økonomiplan**

### **Tiltak:**

#### **1. Branntank - 1,2 mill. kr**

Den nye branntankbil er no sett i drift, med ein 10 m<sup>3</sup> vasstank bygd på krokramme, som også er tenkt nytta som beredskapstank for drikkevatn. Ved vassleidningsbrot hjå sårbare abonnementar som til dømes sjukeheimen, kan vi då kople til vasstanken til eit vassuttak på sjukeheimen, utan å binde opp sjølve lastebilen.

Ny branntank kan setjast ut i økonomiplanperioden inntil vi har fått litt erfaring med tankbilen, og vurdert risikoen for samtidig hending av brann og vassløyse ved sjukeheimen.

#### **2. Materiell til branndepotet i Kvammen – kr 120.000**

Noko av brannbekledningen og utstyret på depotet bør oppgraderast, dersom depotmannskapa skal kunne gjere den jobben som forventast av dei.

Til brannsløkking av bygningar bør begge depota utstyrast med sløkkjespyd. Sløkkjespyd, kostnad kr 20.000 pr sett, kan langt på veg erstatte røykdykking, som depota ikkje er dimensjonert for å utføre.

I samband med ei revidering av gjeldande brannordning depotstrukturen vurderast. Med ny branntank kan mannskap frå Askvoll nå Kvammen i løpet av rundt 30 minuttars utrykningstid. Det same kan mannskap frå Førde.

Investeringa kan setjast ut i økonomiplanperioden inntil revidert brannordning ligg føre.

4. november 2021

**Bernhard Øberg**

Brannsjef

### **3.9 Bygg og eigedomsavdelinga**

#### **Kommentarar til driftsbudsjett Bygg- og eigedomsavdelinga – 2022**

<b>Ramme iflg budsjettrundskriv 2022-2</b>	<b>5 270 000</b>

##### **Lønsutgifter:**

Bygg- og eigedomsavdelinga har 4,8 stillingar. Avdelinga har i tillegg 61 % stilling til reinhaldarar på rådhuset og Sentrumsgarden. Lønnskostnadene utgjer 3.854.103,- inkl forventa overtidsløn for driftspersonell ved driftssentralen. Fastløn for driftspersonell ved driftssentralen vert budsjettet på driftsavdelinga sitt budsjett.

##### **Husleigeinntekter:**

Det er budsjettet med 6.403.500,- i husleigeinntekter, dvs. noko meir enn det som var budsjettet med i 2021. Dette fordi det for tida er stor etterspurnad etter husvære i Askvoll sentrum. Det eine husværet i Heradsheimen står tomt og dette har vi ikkje tenkt å leige ut att, før det vert oppgradert. I tillegg vil dei nye PU-bustadane ovanfor Askvollheimen stå klare i byrjinga av 2022. Det er ikkje fastsett noko nivå på husleige for desse enno, men det vil truleg ikkje vere fullt belegg heile 2022. Det er budsjettet med ei husleigeinntekt på 620.000,-. (NB. Eg har førebels lagt desse bustadene på stad 391 for å skille dei frå eksisterande omsorgsbustader ved Askvollheimen) Det er teke med 40.000,- som forventa tap på krav om husleige.

##### **Drift og vedlikehald av kommunale bygg:**

Bygg- og eigedomsavdelinga har ansvaret for følgjande bygg: 4 skular (Askvoll, Atløy, Bulandet og Gjelsvik), 6 barnehagar (Askvoll (2stk), Atløy, Bulandet, Gjelsvik, Holmedal), omsorgsbustader i Askvoll, trygdebustader Holmedal, Bulandet og Værlandet, 17 husvære til utleige fordelt på bygg 7 bygg, Internatet med 6 hyblar, Helsehuset, Askvollheimen, Askvollhallen, Ekspedisjonsbygget på kaia, Rådhuset, Heradsheimen, tidlegare Stongfjorden skule og barnehage, Sentrumsgarden og diverse uthus på kommunal eigedom. Dette utgjer til saman ca 26 000 m2. I nokre av byggja har bygg- og eigedomsavdelinga ansvar for kvitevarer. Vi har også ansvar for uteområda og gjerde, men ikkje leikeapparat.

I budsjettframlegget er det ikkje teke høgde for at straumordninga vi har no med konsesjonskraft vert endra. Dette fordi den faktiske konstnaden vil verte tilnærma lik det vi har i dag. Så enten må ramma til bygg- og eigedomsavdelinga aukast tilsvarande det som dette vil auke kostnadene med eller må delar av inntektene vi får på sal av straum førast som inntekt på bygg- og eigedomsavdelinga.

Det er teke med at forsikringkostnaden for byggja har auka i høve til tidlegare år samt at det vert 4 nye bygg å forsikre (dvs sentrumsgarden og 3 stk Pu-bygg ved Askvollheimen)

Det er sett av 418.000,- til service/reparasjon av anlegg (heis, ventilasjonsanlegg, el-anlegg mm.) noko meir enn budsjettet for 2021. Dette fordi vi har fått inn meir bygtekniske installasjonar å ha service på (blant anna varmepumper på sjukeheimen og Askvoll skule og heis ved Askvoll skule).

Med ei ramme på 5.270.000 vert det att 1.287.000,- til vedlikehald når dei faste utgiftene er dekka. Sjå vedlegg for korleis desse førbels er tenkt fordelt.

I budsjettet for 2021 var det sett av 1.445.000,- til vedlikehald. I samband med 1. tertial vart ramma auka med 500.000,- til vedlikehald (mykje pga utbetring av muggsoppproblem ved biblioteket). I 2. tertial vart ramma auka med 400.000,-. Utgifter til vedlikehald, materiell til vedlikehald og inventar/utstyr i 2020 utgjorde 1.671.000,-. I 2019 var denne summen 1.555.000,- og i 2018 vart den 1.783.000,-.

Det er mange av dei kommunale bygga som treng utvendig måling. Driftssentralen har ikkje kapasitet til slikt arbeid på sommaren pga ferieavvikling, så alternativet er å leige inn firma, noko som medfører eit stort jafs i vedlikehaldsmidlane. Vi ber difor om at 400.000,- av disposisjonsfondet vert nytta til sommarjobb for ungdom over 16 år, slik det har vert gjort dei siste tre åra.

#### **Teneste 38100 Vedlikehald idrettsanlegg:**

Det er sett av ein mindre sum (15.000,-) til vedlikehald av idrettsanlegget ved Askvoll skule.

#### **Teneste 12100 Forvaltningsutgifter i egedomsforvaltninga:**

Det er budsjettert med løn for 155 % stilling på denne tenesta. Det er budsjettert med ei inntekt på 50 000,- for prosjektleiing for eigne investeringsprosjekt.

#### **Teneste 30100 Plansaksbehandling:**

Det er budsjettert med løn for 200 % stilling innanfor denne tenesta. Gebyrinntektene på plansaker er sett til 60 000,-. I to detaljreguleringsplanar (gang- og sykkelveg frå Holmedal til Boge og på Ask) og ei områderegulering (Olsetvikane) som det ifølgje planstrategien skal jobbast med, vil det vere trøng for innleige av konsulenttenester. I tillegg vil arbeidet med rullering av arealdelen pågå og det må leigast inn konsulenttenester for å få gjennomført dette. Det er difor sett av 400.000 til konsulenttenester i samband kommunen sitt planarbeid.

#### **Teneste 30200 Byggesaksbehandling:**

Løn for 100% stilling er budsjettert på denne tenesta. Gebrysatsane for byggesaker vart auka 10 % i 2016 etter å ha lagt fast sidan 2010. I 2020 og 2021 vart dei auka med 5 %. Ifølgje utrekninga av sjølvkost innanfor dette tenesteområde dekker ikkje gebyrinntektene utgiftene. Vi tenker difor at satsane kan aukast 5 % i 2022.

#### **Teneste 30300 Kart og oppmåling:**

Det er ført løn for 25 % stilling på denne tenesta. Mesteparten av utgifter til lisensar for programvare kart vert ført på denne tenesta, men noko vert fordelt på andre tenester der dei ulike programma vert nytta td VAR, plan- og byggesak. Kommunen leiger inn oppmålingstenester frå Fjaler kommune til utføring av oppmålingsforretningar. Storparten av gebyrinntektene går til leige av oppmålingstenester. Det er sett av 40.000,- til prosjektet historiske ortofoto i regi av Kartverket, der alle kommunane i Vestland er med.

#### **Konklusjon:**

Ramma for 2021 var 5.158.000,-. Ramma vedtatt i økonomiplanen i sak kom 103/20 for 2022 var 4.119.000,- dvs 1.039 mindre enn for 2021. Følgjande vart lagt til grunn for dette i samband med budsjettet for 2021:

*Innmeldt behov på kr. 5 102 000,- Kjøp av plankompetanse i samband med kommuneplanarbeid og auka vedlikehald utgjer ein stor del av veksten i høve økonomiplanramma. Etaten får justert*

*ramme i samband med overføring av teneste 13000 – rådhus. Generell innsparing i høve innmeldt behov kr. 250 000,- Ny ramme kr. 5 158 000,-*

*Økonomiplanen: Frå 2022 får Bygg- og eideom auka husleigeinntekter frå dei nye omsorgsbustadane med om lag kr.768.000,- Driftsutgiftene knytt til bustadane er rekna til om lag kr.280.000,- noko som gjev netto inntekt på om lag 0,5 mill kroner. I tillegg er utgiftene i 2021 knytt til kjøp av plankompetanse ikkje vidareført i 2022. Dette må truleg vurderast på nytt i samband med budsjettarbeidet for 2022, når vi ser kor langt ein er kome med kommuneplanarbeidet. Budsjettramme frå 2022 kr.4 050.000,-*

Vi har ikkje kome så langt som tenkte i planarbeidet, og som skildra ovanfor vil det vere trond for konsulentenester i samband med plan også i 2022. Det er sett av 400.000,- til dette. Husleigeinntektene for PU-bustadene vert truleg mindre enn 768.000,- då det kan gå noko ut i 2022 før dei er utleigd. Vi har fått eitt meir bygg å drifta, Sentrumsgarden, enn føresett ovanfor. Ramma i økonomiplanen er justert for lønsvekst, men ikkje for prisvekst. Det har vist seg gjennom fleire år at bygg- og egedomsavdelinga har måtte fått tilført meir midlar i løpet at året til drift og vedlikehald av kommunale bygg.

Ramma til bygg- og egedomsavdelinga vart etter 1. budsjetttrunde difor auka med bør auka til 5.270.000,-, men 270.000,- av dette er ei budsjettteknisk justering fordi stastilskot til flyktningar no skal førast på ansvar 900. Dvs ramma er reelt auka med 881.000,- frå 1. budsjetttrunde, slik at det vert att 1.287.000,- til vedlikehald kommunale bygg.

400.000,- av disposisjonsfondet bør nyttast til sommarjobb for ungdom over 16 år til måling av kommunale bygg.

#### **Økonomiplanperioden 2022-2024:**

Inntektene vil auke i 2022 som følgje av fleire utlegebustader, men husleigeinntektene varierer frå år til år alt etter kor stort ettrspurnad det er etter bustader. Dersom til dømes det vert mange husvære ledige i Kvartetten (bygga som kommunen leiger at Nogeshus Nautdal bustadbygg til flyktningar) vil det merkast godt på rekneskapen. Ein må truleg rekne med at det vert noko kostnader til konsulentenester i samband med plan også i åra framover. Ramma i økonomiplanen vedtatt i sak kom 103/20 vert for liten og må aukast med 1-1,5 million for å halde eit forsvarleg nivå på drift og vedlikehald kommunale bygg.

Askvoll 27.10.2021

Liss Merete Lien

## **Investeringsbudsjett 2022:**

### **Internatbygget ved Askvoll skule (1147)**

Formannskapet har ynskje om ei utvendig oppgradering av dette bygget. Kostnad med skifte av takbelegg, etterisolering og heving av gesims på lavbygget, etterisolering og å kle opp att veggande på heile bygget, samt skifte alle gamle vindauge og dører er kr 1.700.000,-

Det har også kome innspel om at det er trøng for fleire hybler i samband med lærilingar og tilsette innan helse- og omsorg. Den delen som vart ombygt i 2. etasje i tidlegare er fult uteleigd. Det er tale om ombygging til 4 hybler og evt ei lita leilighet. Dette er kostnadsrekna til kr 1.300.000,-. Dette kan ikkje gjennomførast før parkeringssituasjonen ved Askvoll skule vert betre.

<b>2023</b>	<b>Kr 1.700.000,-</b>
<b>2023</b>	<b>Kr 1.300.000,-</b>

#### **Ombygging/oppgradering Askvollheimen (1159)**

Det er gjort ein del arbeid med oppgradering av Askvollheimen det siste året, men det står att ein del enno. Den opphavlege delen av heimen vart bygt i 76/77. På den flate delen av taket må takbeleget skiftast med det første. (På sikt må også saltaka med betongtakstein skiftast.) Etterisolering må også vurderast. Taket har eit areal på 1630 m<sup>2</sup>. Dette er kostnadsrekna til kr 2.600.000,-. Det må skiftast vindauge og dører og etter vernerundar og innmelding av avvik er det kome fram at manglande solavskjerming er eit problem.

<b>2022</b>	<b>kr 5.000.000,-</b>
<b>2023</b>	<b>kr 2.000.000,-</b>

#### **Oppgradering og utviding av gamledelen av Askvoll skule**

Denne delen av skulen vart bygt på slutten av 1960-tallet og er den delen som står att av det opphavlege bygget som ikkje er bygt nytt eller rehabiliterert.

**Oppgradering av garderober til svømmebassenget og nye vass- og avløpsrør i denne delen av bygget:** I 2021 vart det oppdaga sopp under golvet i Eventyrkroken i biblioteket. Dette er no utbetra. Men for at ikkje problemet ikkje skal oppstå igjen, må garderobane til symjebassenget, som ligg vegg i vegg med biblioteket, garderobane sidan byggeåret anna enn med overflatene, dei treng uansett ei oppgradering med nye dusjarmatur. Vidare må dei gamle vassrøyra av kopar som ligg i golva, i denne delen av bygget omleggast og bytast ut med nye vassrøyra. Avløpsrøyra bør også skiftast.

**4,28 mill inkl mva**

#### **Nytt ventilasjonsanlegg for symjehallen og for bibliotek og ikt-senter:**

Ventilasjonsanlegget for symjebassenget er gammalt og det begynner å bli vanskeleg å få tak i reservedeler til. Det er heller ikkje særleg energieffektivt. Ventilasjonsanlegget til bibliotek, garderobar og ikt-senter likeins. Begge desse ventilasjonsanlegga er i dag plassert i 2.etasje over garderobane i hallen. Dersom det vert utbygging ved hallen som planlagt i 2020, må dei uansett flyttast. Vi føreslår å bygge om og ta i bruk garderoben ved biblioteket til nytt teknisk rom. Denne garderoben vert berre nytta til lagerrom for idrettslaget. Det er mogleg dette rommet må utvidast noko for å få plass til to aggregat.

**4,7 mill inkl mva**

**Ombygging av IKT-senter til vanleg klasserom:** Elevane på ungdomstrinnet får no eigne pc-ar. I tillegg har småskulen og mellomtrinnet bærbare pc-ar. Dette fører til at IT-senteret, slik det er i dag med stasjonære pc-ar, ikkje blir brukt. Skulen treng fleire klasserom, mellom anna til norskopplæringa/grunnskule for vaksne som i dag er på internatet med dårlig luft og elles noko dårlige/gamle fasilitetar. Det er difor ønske om å oppgradere rommet til eit velfungereande klasserom. Amfiet må då fjernast og det må leggast nytt golvbelegg. Det må installeraast fleire stikk-kontaktar og ein vask. Det må også innstallerast automatisk dørropnarar. Det er mogleg at det også må gjerast tiltak for å få inn nok dagslys.

**250.000,- inkl mva**

**Tilbygg til formingssal:** Vindauga og veggen på formingssalen må skiftast. Det er ein overbygd uteplass utanfor dette rommet. Skulen ynskjer at veggen skal flyttast ut, slik at formingssalen blir større. Ca 20 m<sup>2</sup>. Rommet er i dag smalt, og det er vanskeleg å nytte det på ein god måte.

**550.000,- inkl mva**

**Samla for gamledelen ved Askvoll skule 2022: totalt ca 10.000.000,- inkl mva**

#### **Ombygging sentrumsgarden**

Askvoll kommune kjøpte den såkalla Sentrumsgarden sommaren 2021. Bygget har tidlegare vert nytta til tannlegekontor, lensmannskontor og dagsstasjon for ambulansepersonell mm. Kommune skal nytte bygget til aktivitetssenter, dagtilbod for heimebuande demente og diverse kontor, det må difor byggast om for å tilpassast denne bruken.

**2022: kr 14.000.000,- inkl mva**

#### **Oppgradering Bakketun (Askvollvegen 491 og 493)**

Bakketun er ein vertikaldelt 2-mannsbustad med to etasjar som kommunen nytta til utelegebustad. Den inneheld to stk 4-roms husvære. Bygget er bygt i 1970 og treng ei oppgradering. Det er berre isolert med 10 cm mineralull. Det bør lektast ut og etterisolerast, skiftast kledning frå ståande til liggande. Det bør også etterisolerast på loftet. Vindauga må også skiftast. Vi ynskjer også at det vert sett opp rekkverk på carporten mot vest og sett inn ei balkongdør (evt med eit mindre takoverbygg) istadenfor vindaugen i husværet slik at det vert ein uteplass med kveldssol. Dette er allereie gjort i husværet mot aust. Det er også på tide å skifte takpappen.

**2022: 850.000,- inkl mva**

#### **Sikring idrettsbana ved Askvoll skule**

Etter at det vart fjerna vegetasjon i skråinga ved idrettsbana ved Askvoll skule, har ein vorte merksam på ein del lause blokker. Skjeringa ved bana er ca 150 m lang og varierer frå om lag 1,5 - 5,5 m i høgd. Den har ulik grad av oppsprekking og blokkskaping.

Sunnfjord Geosenter har vurdert skjeringa og tilrårt at den vert reinsk for lause blokker med maskinell pigging. Etter reinsk bør skjeringa kontrollerast og ekstra sikring vurderast. Det vert også tilrådd å legge om bekken i aust for å unngå frostspredding og isnedfall. Vegetasjon på kanten, på toppen av skjeringa, samt lausmassar som kan innehalde blokker av ulik storlek bør også fjernast. Det er mellombels sett opp byggegjerde for å hindre at ungar skal gå inn i dei farlege områda. Det er vanskeleg å seie kva sikringstiltaket vil koste. Det avhenger av kor mykje laust fjell det er bakom der ein begynner å fjerne. Området har også vanskeleg tilkomst pga idrettsdekket på løpebana, som ikkje toler allverden.

**2022: 750.000,- inkl mva**

### **3.10 Driftssentralen**

Budsjettet 2021 har ei ramme på 5 196 000 , det viste seg å halde på grunn av manglande inndekning på vakansestillingar og noko langtidssjukemeldingar. Auken i budsjettet frå 2021 til 2022 skuldast at vi har auka opp bemanninga med ei 100% stilling der av 50% er vakans og 50% er nye, Budsjettet for 2022 har ei ramme på 5 646 000,- Dette er eit budsjett som truleg vil holde rammene.

#### **Driftssentralen:**

Det er i dag 12 stillingsheimlar på Driftssentralen med varierande stillingsprosent noko som tilsvrar ca 8,35 stillingar. Vi har i 2021 tilsett 2 medarbeidarar. 1 stilling ved Driftssentralen i Askvoll og 0,5 stilling i Bulandet. Driftssentralen har det utførande ansvaret for drift og vedlikehald av kommunen sine bygningar, vegar, grøntområde og VA-anlegg. Det er Bygg- og eigedom, Helse og omsorg og Teknisk drift som har det overordna ansvaret og er tingarar av tenester frå Driftssentralen.

#### **Oversyn over lokasjonane**

##### **Oppvekst:**

4 skular og 5 barnehagar innanfor sektoren. Skular og barnehagar treng stadig meir vedlikehald grunna aldrande byggmasse og utstyr. Dette gjelder og i stor grad dei resterande kommunale bygg. Slik det er i dag slit vi med å halde internkontrollen på byggmassen.

##### **Veg:**

84 km med veg frå Bulandet til Kvammen.

##### **Grønt:**

13-15 mål med plenar og parkområder.

##### **VA:**

4 vasshandsamingsannlegg med tilhøyrande leidningsnett og pumpestasjonar og 4 pumpestasjonar på avløp som vi har ettersyn med.

##### **Helse og omsorg:**

Det blir stadig større byggmassane med tilhøyrande utstyr som skal vedlikehaldas og driftast.

Audun Strømmen  
Leiar driftssentralen